



Ny skule i Gol



**Rapport med forprosjekt
Grunnlagsdokument – september 2009**

INNHALD

1. INNLEIING

- 1.1. VEDTAK I K-SAK 86/08
- 1.2. MÅL FOR ARBEIDET – MANDAT
- 1.3. DELTAKARAR
- 1.4. RAPPORT FRÅ PROSESEN
- 1.5. HØYRING
- 1.6. POLITISK BEHANDLING
- 1.7. SAMANDRAG

2. BAKGRUNN

- 2.1. TEKNISK RAPPORT FOR EKSISTERANDE SKULEBYGG
 - 2.1.1. Bygningane
 - 2.1.2. Driftsutgifter
 - 2.1.3. Utbyggingsbehov
- 2.2. ORGANISERING
 - 2.2.1. Eksisterande skular
 - 2.2.2. Eksisterande administrasjon
 - 2.2.3. Behov ved eksisterande organisering
 - 2.2.4. Eksisterande kompetansebehov
- 2.3. PROGNOSEAR
 - 2.3.1. Folketalsutvikling
 - 2.3.2. Elevtalsutvikling
 - 2.3.3. Tettstaden kontra grendene
 - 2.3.4. Bustadutvikling

3. PEDAGOGISKE FØRINGAR

- 3.1. FØREMÅLET MED OPPLÆRINGA
- 3.2. TILPASSA OPPLÆRING
- 3.3. GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER
- 3.4. LÆRINGSMILJØ
- 3.5. VARIERTE ARBEIDSFORMER
 - 3.5.1. Klasseromsarbeid
 - 3.5.2. Tavle- /Kateterundervisning
 - 3.5.3. Førelesing
 - 3.5.4. Individuelt arbeid
 - 3.5.5. Gruppearbeid og prosjektarbeid
 - 3.5.6. Framføringar
 - 3.5.7. Arbeid i stasjonar
 - 3.5.8. Opplæring i framandspråk
 - 3.5.9. Praktisk arbeid
 - 3.5.10. Fagkurs
 - 3.5.11. Leksehjelp
- 3.6. INFORMASJONSTEKNOLOGI OG KOMMUNIKASJON
- 3.7. FYSISK AKTIVITET
- 3.8. SPESIALUNDERVISNING
- 3.9. GRUNNLEGGJANDE NORSK
- 3.10. VURDERING
 - 3.10.1. Elevsamtalar
 - 3.10.2. Foreldresamtalar
- 3.11. KULTUR I SKULEN
- 3.12. SFO
- 3.13. SAMARBEID HEIM – SKULE
- 3.14. TVERR-ETATLEG SAMARBEID

4. ORGANISERING

- 4.1. ELEVANE
 - 4.1.1. Ein felles barne- og ungdomsskule
 - 4.1.2. Trinnet som eining
 - 4.1.3. Skulefritid
- 4.2. DEI VAKSNE

5. AREALBEHOV

- 5.1. UNIVERSELL UTFORMING
- 5.2. AREALNORMER
- 5.3. INNEAREAL
 - 5.3.1. Heimeareal
 - 5.3.2. Spesialrom
 - 5.3.3. Spesialpedagogisk avdeling
 - 5.3.4. Alternative tilbod

- 5.3.5 Skulefritidsordning (SFO)
- 5.3.6 Personalet
- 5.3.7 Administrasjon
- 5.3.8 Logoped, PPT og skulehelseteneste
- 5.3.9 Lager
- 5.3.10 Reinhald
- 5.3.11 Teknisk rom/Vaktmeister
- 5.3.12 Varelevering
- 5.3.13 Avfallshandtering
- 5.4. INVENTAR
- 5.5. UTEOMRÅDET
 - 5.5.1 Nasjonalt fokus på uteområda ved skulane
 - 5.5.2 Krav til storleik på og utforming av uteområda
- 6. MILJØ OG DRIFT
 - 6.1. INNEMILJØ
 - 6.1.1 Luft
 - 6.1.2 Temperatur
 - 6.1.3 Lys i læringsmiljø
 - 6.1.4 Lyd/Støy
 - 6.2. UTEMILJØ
 - 6.3. DRIFT
 - 6.3.1 Energi og miljøval
 - 6.3.2 Oppvarming
 - 6.3.3 Ventilasjon
 - 6.3.4 Lys
 - 6.3.5 Styringssystem
 - 6.3.6 Reinhald
 - 6.4. MATERIALVAL
 - 6.5. VEDLIKEHALD
 - 6.6. AVFALLSHANDTERING
- 7. FLEKSIBLE LØYSINGAR OG SAMBRUK
 - 7.1. GENERELT
 - 7.2. HALLINGMOPROSJEKTET
 - 7.3. PRINSIPP FOR SAMBRUK
 - 7.4. BIBLIOTEK
 - 7.5. KULTUR
 - 7.6. KROPPSØVING OG FYSISK AKTIVITET
 - 7.7. SKULEMÅLTID
- 8. ESTETIKK, KUNST OG UTSMYKKING
 - 8.1. BYGGET
 - 8.2. INNEOMRÅDET
 - 8.3. UTEOMRÅDET
- 9. TRAFIKK, INFRASTRUKTUR
 - 9.1. GENERELT
 - 9.2. MJUKE TRAFIKKANTAR
 - 9.3. SKULESKYSS OG ANNAN TRAFIKK TIL OG FRÅ OMRÅDET
 - 9.4. VARELEVERING, TUNGTRANSPORT OG UTRYKNINGSKJØRETØY
 - 9.5. PARKERING FOR PERSONALET OG FOR BESØKJANDE
 - 9.6. UNIVERSELL UTFORMING
- 10. ØKONOMI
 - 10.1. INVESTERING
 - 10.1.1 Generelt
 - 10.1.2 Levetid
 - 10.1.3 Elevantal
 - 10.1.4 Areal
 - 10.1.5 Kostnad
 - 10.2. DRIFT
 - 10.2.1 Kapitalutgifter
 - 10.2.2 Driftsutgifter
 - 10.2.3 Andre utgifter
 - 10.2.4 Sal av føremålsbygg

Vedlegg

INNLEIING

Kommunestyret vedtok 04.11.08 å opprette ei arbeidsgruppe som skulle utgreie bygging av ny skule for 1.-10. klasse i Gol.

Arbeidsgruppa skulle utarbeide berande pedagogiske prinsipp som skal leggjast til grunn for utforminga av romprogrammet i den nye skulen. Utanom framlegg til romprogram skulle arbeidsgruppa også koma med økonomiske utrekningar for investering og drift. I tillegg til møteverksemd og undersøkjande arbeid har arbeidsgruppa reist rundt og sett på skular og anlegg for å skaffe seg eit best mogleg vurderingsgrunnlag.

1.1. VEDTAK I K-SAK 86/08

1. *Ny skule i Gol skal omfatte 1.-10 trinn; det vil seia ny barne- og ungdomsskule.*
2. *Skulen skal vera lokalisert på Hallingmo.*
3. *Det blir oppnemnt ei arbeidsgruppe som skal koma med framlegg til utforming av romprogram for ein ny 1-10-skule basert på statlege føringar og dei mest moderne og framtidsretta pedagogiske prinsipp for organisering av undervisning. Romprogrammet må utformast i samsvar med desse prinsippa. Arbeid med romprogram må derfor ikkje starte før dei berande pedagogiske prinsippa er ferdig utforma. Arbeidsgruppa skal i tilknytning til romprogrammet også koma med økonomiske utrekningar for investering og drift.*
4. *Arbeidsgruppa skal bestå av to politiske representantar frå UKL, ein representant frå Gol Byggdrift KF, ein representant frå Gol skule, ein representant frå Gol ungdomsskule, to foreldrerepresentantar, ein representant frå Utdanningsforbundet og skulefagleg rådgjevar. Den eine foreldrerepresentanten skal vera frå Herad skule.*
5. *Arbeidsgruppa konstituerer seg sjølv. Skulefagleg rådgjevar kallar inn til første møtet.*
6. *Arbeidsgruppa må kunne disponere midlar til dekking av kostnader knytta til planlegginga; – ekskursjonar, konferansar, eventuell møtegodtgjering og konsulenthjelp. Dette må det takast høgde for under handlinga av Handlingsprogram med Økonomiplan 2009-2012 og Årsbudsjett 2009. Det blir sett av kr 100.000 i årsbudsjettet for 2009.*
7. *Rapport med forprosjektet frå arbeidsgruppa skal vera ferdig innan 1.september 2009. Rapporten blir lagt fram for UKL i 1.møte etter denne fristen. Styringsgruppa for Hallingmo skal haldast løpande orientert Vedteken representasjon (jf punkt 4) frå UKL er Bård Flataaker Hagen og Tore Dag Skjerdal, 1. vara Tom Rune Skredderberget Blakkestad, 2.vara Tone Karlsen.”*

1.2. MÅL FOR ARBEIDET – MANDAT

- * Arbeidsgruppa Ny skule i Gol skal koma med framlegg til utforming av romprogram for ein ny 1-10-skule i kommunen.
- * Romprogrammet skal vera basert på statlege føringar og dei mest moderne og framtidsretta pedagogiske prinsipp for organisering av undervisning.
- * Romprogrammet må utformast i samsvar med desse prinsippa.
- * Arbeid med romprogram må derfor ikkje starte før dei berande pedagogiske prinsippa er ferdig utforma.
- * Arbeidsgruppa skal i tilknytning til romprogrammet også koma med økonomiske utrekningar for investering og drift.
- * Rapport med forprosjektet frå arbeidsgruppa skal vera ferdig innan 1. september 2009.
- * Rapporten blir lagt fram for UKL i 1. møte etter denne fristen.
- * Styringsgruppa for Hallingmo skal haldast løpande orientert.

1.3. DELTAKARAR

Ingebjørg By Teigen, rektor Gol skule
Hallgeir Haugen, rektor Gol ungdomsskule
Sigvart Flåm, dagleg leiar Gol Byggdrift Kommunalt Foretak
Tone Vik, FAU Herad skule
Monica Vedvik FAU Gol skule
Tore Dag Skjerdal, representant Utval for Kultur og Levekår
Bård Flataaker Hagen, representant Utval for Kultur og Levekår
Kjersti Lilleslett, Utdanningsforbundet, Gol
Astrid Myro Rust, skulefagleg rådgjevar

Varafolk:

Ove Rygg, FAU Gol skule
Tom Rune Blakkestad, Utval for Kultur og Levekår
Tone Karlsen, Utval for Kultur og levekår
Morten Lien, Utdanningsforbundet
Helge Fivelstad, rektor Herad skule

Leiar for arbeidsgruppa : Tore Dag Skjerdal
Nestleiar : Ingebjørg By Teigen
Sekretær : Astrid Myro Rust

1.4. RAPPORT FRÅ PROSESSEN

Arbeidsgruppa har hatt sju møte og vore på tre ekskursjonar med besøk på fem skular:

Fagerlund skole, Ringsaker kommune
Nes barneskole, Ringsaker kommune
Lesterud skole, Bærum kommune
Gullhaug skole, Bærum kommune
Vestsiden skole, Porsgrunn kommune

I tillegg har to av medlemmane i gruppa vore på konferansar om skulebygg/skuleanlegg: Konferansen Fleksible skoleanlegg i Sandvika i september og Innlandskonferansen om arkitektur og pedagogikk på Hamar i november 2008. Innlagt i desse konferansane har det vore ekskursjonar til nybygde skular, blant anna Hundsund på Fornebu. To av medlemmane har vore på ekskursjon til Larvik for å sjå på ny vidaregåande skule med sportshall; Arena Larvik. Ein representant reiser på Utdanningsdirektoratets konferanse i Stavanger 21.-22.september 2009

Ekskursjonane har vore ein viktig del av arbeidet, og arbeidsgruppa har henta erfaringar og kunnskapar under besøka på skulane og i dialog med dei tilsette der. Arbeidsgruppa har sett kva som er mogleg å få til, og lært at det er svært viktig å tenkja på alt før ein set i gang eit så stort prosjekt. Det har vore mykje å lære frå planprosessane og kva dei ulike skulane har erfart at ikkje er så lurt. Særleg vart arbeidsgruppa imponert og inspirert av Fagerlund skole i Brumunddal, Ringsaker kommune. Politikerane i Gol blir inviterte med på tur dit i oktober.

Erfaringane frå skulebesøka er samla i vedlegg 1.

1.5. HØYRING

Rapporten vart lagt ut på heimesidene til Gol kommune rundt 15.juli og vart samtidig sendt ut på høyring med frist 30.august.

Høyringsinstansar har vore

- Alle avdelingane i Gol kommune
- FAU ved dei tre skulane
- Utdanningsforbundet Gol
- Fagforbundet Gol
- Gol Idrettslag
- PPT og OT for nedre Hallingdal IKS.

Alle høyringsinstansane og medlemmar av kommunestyret og politiske hovudutval i Gol kommune fekk informasjon om dette på e-post. Rapporten og vedlegga låg ved og kunne også hentast i papirutgave hjå skulefagleg rådgjevar.

Høyringsuttaler skulle sendast til Gol kommune ved skulefagleg rådgjevar Astrid Myro Rust, Gamlevegen 4, 3550 Gol eller som vedlegg til e-post til astrid.myro.rust@gol.kommune.no

Det har kome inn åtte høyringsuttaler.

Arbeidsgruppa har gjennomgått uttalene og sjekka om rapporten har teke høgde for dei ulike innspela. Mykje av det høyringsinstansane kommenterer, forsterkar detaljar i rapporten. Høyringsuttalene og eit samandrag av dei er samla i saksdokument som ligg ved saka til politisk behandling.

Det vart halde eit informasjonsmøte tysdag 25.august i kroppsøvingssalen på Gol skule kl.19.00-20.30 der rapporten vart lagt fram, og det var høve til å koma med spørsmål.

1.6. POLITISK BEHANDLING

Vedtaket i K-sak 86/08 pålegg at rapporten skal behandlast politisk i første møte i Utval for Kultur og Levekår etter 1. september som er sett som frist for ferdigstilling.

1.7. SAMANDRAG

BAKGRUNN

Alle dei tre grunnskulane i Gol treng tilbygg og omfattande renovering for å kunne fungere som fullgode skular. Ein ny skule må byggjast som ein tre-parallell skule for 1.-10.klasse for inntil 700-750 elevar for å ta høgde for folketalsutviklinga i Gol minst 50 år fram i tid (punkt 10.1.2 – om rekna levetid for nybygg)..

Den nye skulen skal liggja på Hallingmo.

PEDAGOGISKE FØRINGAR

Skulen må ivareta behovet for sosialt tilhøyre og tryggleik for elevane. Alle må derfor høyre til i ein klasse. Opplæring i faga må gjevast gjennom varierte arbeidsformer og både praktiske og teoretiske tilnærmingar. Elevar med spesialpedagogiske behov må sikrast eit stabilt og fagleg godt læringsmiljø. Det bør derfor etablerast ei spesialpedagogisk avdeling.

ORGANISERING

Elevane må organiserast i klassar og på årstrinn. Med auka spesialisering må lærarane fordjupe seg i og undervise i færre fag. Fagkompetanse bør utnyttast på fleire årstrinn. Administrasjonen bør omfatte rektor, fire inspektørar og to tilsette med merkantile oppgåver.

AREALBEHOV

Ein ny skule bør ha tilstrekkeleg areal. Det bør reknast mellom 10-14 m² per elev i tillegg til kroppsøvingsavdeling. Kvart trinn må ha eige heimeområde med tre klasserom, to grupperom, lager, fellesareal, garderobe og toalett. Inngangen til heimeområdet må vera direkte frå uteområdet som er tilpassa alderssteget.

Det bør vera minimalt med innvendig trafikkareal.

SFO bør ha lokale i tilknytning til heimeområdet til dei minste elevane slik at dei kan bruke same garderoben og toaletta.

Uteområdet bør vera stort og variert og stette behovet for fysisk aktivitet og sosiale møteplassar. Tilrådd norm for uteareal er minst 50 m² per elev.

MILJØ OG DRIFT

Høge målsetjingar for miljø i den nye kommuneplanen for Gol tilseier fokus på arealeffektiv planløyning, energiøkonomisering og val av rett energikjelde. Oppvarming, lys og ventilasjon må derfor ha automatisk styring.

Eit godt innemiljø med rein luft, god temperatur, rett lys og lite støy er viktig for trivsel og læring.

Utforming og inventar må vera tilrettelagt ut frå krav til universell utforming og gjera reinhaldet enkelt.

FLEKSIBLE LØYSINGAR OG SAMBRUK

Ein ny skule må byggjast med tanke på sambruk med kultur og idrett. Dette vil også gjelde uteområdet.

Skulen må utformast slik at han eignar seg for utleige.

Ein ny skule må planleggjast med tanke på at det kan bli krav om skulemåltid til alle elevane.

ESTETIKK, KUNST OG UTSMYKNING

Den nye skulen skal vera eit signalbygg for Golsamfunnet. Ved å tenkja estetikk og kunst alt i planleggjingsfasen er det moglegheit for å få til ei heilskapleg utforming av det estetiske både innvendig og utvendig.

TRAFIKK; INFRASTRUKTUR

Det er eit mål at flest mogleg elevar skal kunne gå og sykle trygt til og frå skulen. All planleggjing må ta omsyn til dette, men i ein kommune med mange skysselevar er det også viktig å få til gode løysingar for kollektivtransport og eventuelle privatbilar i nærleiken av skulen. Ei regulering av området må dessutan ta omsyn til at dei tilsette skal ha parkeringsplassar, og at varetransport kan avviklast utan å koma i konflikt med elevane sitt gang-, sykkel- og leikeareal.

ØKONOMI

Å byggje ny skule i Gol blir eit stort økonomisk løft for kommunen. Det er realistisk å rekne ein kostnad på minst 25 000 kroner per m².

Dersom det ikkje blir bygd ny skule, må det reknast med omfattande kostnader knytta til istandsetjing av dei tre skulane. I tillegg må Læringscenteret Gol Vaksenopplæring og Folkeuniversitetet skaffast forsvarlege og eigna lokale.

Kostnadene med kapitalutgifter må likevel sjåast opp mot utgifter knytta til rehabilitering, ombygging og utbygging av eksisterande skulebygg.

Utgifter til teknisk drift, administrasjon og skuleskyss vil bli redusert ved ein ny 1-10-skule.

Sal av føremålsbygg vil kunna frigjera kapital og driftsmidlar til investering i ny skule.

Det må undersøkjast om det finst tilskotsordningar som kan tilføre friske midlar.

2. BAKGRUNN

2.2. TEKNISK RAPPORT FOR EKSISTERANDE SKULEBYGG

2.1.1. Bygningane

Herad skule

Byggjeår 1984 med grunnflate 705 m². Blir nytta til grunnskule 1.-7. trinn. Sokkel er bygd i betong, resten i tre.

Skulen manglar eitt klasserom, minst to grupperom, kroppsøvingsavdeling og fullverdig heimkunnskapsavdeling.

STATUS: Vedlikehaldsstatus er god, men vedlikehaldskostnadene kjem etter kvart her også framover.

Gol skule, Glitrehaug

Skulebygget vart bygd ca 1928 i tre. Internatbygget og tilbygget til skulebygget er oppført i mur og tegl i 1965. Internatbygget er på 380 m², den gamle skuledelen 167 m², nytt skulebygg 195 m². Fyringa er basert på olje, noko som er lite miljøvenleg.

Bygningane blir i dag brukte til barneskule 1.-2. trinn, SFO og kulturskule.

STATUS: Alle bygga har gjennomgått innvendig ombygging, oppussing og generelt vedlikehald for å bli tilpassa dagens drift.

Sjølv om status er brukbar, vil det bli behov for store investeringar når det gjeld betring av/oppgradering av tekniske installasjonar for å kunne halde fram med å bruke bygga til noverande føremål i framtida.

Spesielt gjeld dette fyringssanlegg og ventilasjon, men også standardheving, tilpassing til endra krav og forskrifter for drift og styringssystem for ventilasjon og energi.

Gol skule

Byggjeår 1958, ombygd i 1975. Tilbygg frå 1977, kroppsøvingssal frå 1979.

Nytt påbygg 1997. Grunnflate for hovudbygningar og mellombygg 1 200m², gymnastikksal 290 m².

Murbygningar med tradisjonelle klasserom og sentralfyr.

Blir i dag nytta til barneskule 3.-7. trinn.

STATUS: God i forhold til alder, men det meste som står under Glitrehaug gjeld også Gol skule. Skulen er ikkje funksjonell og er for liten i forhold til dagens behov.

Gol Ungdomsskule

Blir nytta til ungdomsskule 8.-10. trinn.

Byggjeår 1967 med grunnflate 1 319 m² og i to etasjar. I tillegg nyttar ungdomskolen lokale i samfunnshuset til delar av undervisninga. Murbygning med delvis lettveggar som romskiljarar.

Ombygd i 1999. Påtenkt tilbygg med blant anna spesialpedagogisk avdeling vart ikkje igangsett.

Spesialrom som naturfag- og fysikk-/kjemirom er svært nedslitte og treng fullstendig renovering. Romma må også oppgraderast med tanke på lagerrom og oppbevaring av kjemikalier.

Bygget har setningsskadar. Det er sprekkar mellom veggjar og vegg/tak. Omfattande oppussing/renovering vil vera nødvendig i nær framtid dersom bygget framleis skal nyttast til ungdomsskule.

Kjøkkenet knytta til personalrommet er heilt nedslitt og må fullrenoverast.

Vindauge må skiftast ut. Det trengst brannvarslingsanlegg.

Elevoaletta treng renovering.

STATUS: Vedlikehaldsstatus er god, men alle vindauge må skiftast ut. Bygget har setningsskadar. Det må også gjerast noko med styring av varme, lys og ventilasjon for å tilfredsstille nye krav.

2.1.2 Driftsutgifter

Årlege driftsutgifter i 2008:

Gol skule, Glitrehaug	749.000 kroner
Gol skule	1.863.000 kroner
Gol ungdomsskule	1.871.000 kroner
Herad skule	724.000 kroner

Sum årlege driftsutgifter 2008 (teknisk, som ligg til Gol Byggdrift KF) 5.207.000 kroner

Dette inkluderer vedlikehald osv, forsikringar, energi, reinhald og vaktmeister. Vedlikehaldsutgiftene vil auke vesentleg i åra som kjem.

2.1.3 Utbyggingsbehov

Herad skule

Behov ved Herad skule:

- Kroppsøvingsavdeling for å imøtekoma krav om auka fysisk aktivitet.
- Fullverdig heimkunnskapsavdeling – også for å imøtekoma behov for skulemåltid/kantinetilbod i framtida.
- Eitt ekstra klasserom. Skuleåret 2008/09 vart sløydsalen nytta som fast klasserom.
- Grupperom for å imøtekoma vekslende behov for særskild tilrettelegging for elevar med spesielle behov og til norskopplæring for minoritetspråklege elevar.
- Møterom for logoped, PPT og tverrfagleg samarbeid.
- Kontor/tilhaldsstad for skulehelsetenesta.
- Skulen treng system for solskjerming i klasseromma som er vende mot rv.7.
- Ventilasjonsanlegget treng oppgradering/må skiftast ut.

Gol skule Glitrehaug

Glitrehaug vart teken i bruk som mellombels løysing på plassmangel ved Gol skule skuleåret 2002/2003.

Det er for tronge garderobar, for lite grupperom til spesialundervisning og til grupper i norsk og andre basisfag.

Gol skule

Det er føreteke ei vurdering som viser at det ikkje er lønsamt å renovere, men heller byggje nytt. Det blir vist til K-sak 77/01 Arealbehov og arealutforming – nødvendig vedlikehald, mellombelse tiltak og framtidig utbygging ved barneskulane i Gol.

Gol ungdomsskule

I utgangspunktet var skulen tre-parallellskule. Installering av ventilasjonsanlegg har teke av undervisningsarealet. Skulen hadde ikkje lenger plass til tre parallellar med tilhøyrande nødvendige grupperom.

Frå og med 2011 får skulen klassetrinn der elevtalet ville utløyst tre parallellar etter tidlegare klassesdelingstal. Skulen manglar 1-2 klasserom (60 – 120 m²) for å få organisert undervisninga forsvarleg.

Skulen manglar grupperom.- Det er nok med 2 rom á 15 m² under føresetnad av at nye klasserom blir gjort tilgjengelege.

Då skulen vart ombygd til baseskule i 1999, vart anna areal enn klasserom innlemma i basane for at desse skulle bli store nok. Dette arealet var tenkt erstatta i nytt tilbygg, ca 120 m², som blant anna skulle romme spesialpedagogisk avdeling. Dette tilbygget er ikkje gjennomført. I tilknytning til den spesialpedagogiske avdelinga er det også behov for eit stellerom tilrettelagt for funksjonshemma.

Skulen er heller ikkje på andre måtar tilrettelagt for funksjonshemma. Elevar som brukar rullestol, må ta omvegar og bruke heis i samfunnshuset eller biblioteket (når biblioteket er ope) når dei skal bevege seg gjennom etasjane ved skulen sin. Dette tek for lang tid.

Etter kvart har skulen også eit behov for eit tilbod om eigna tilhaldsstad for elevar med tilpassingsvanskar og/eller forstyrrende åtferd, jf. "Ventilen" ved Vestsiden skole i Porsgrunn (vedlegg 1).

Skulen manglar eigna rom for logoped, PPT, skulehelseteneste og psykiatrisk sjukepleiar (Helsestasjon for ungdom).

Skulen manglar møterom for tverrfagleg samarbeid, elev- og foreldresamtaler..

Skulen har ikkje solskjerming.

For å imøtekoma behov for skulemåltid/kantina, er det nødvendig med meir og tilrettelagt areal.

Når det gjeld tilgang på kroppsøvingsavdeling, er kapasiteten på Gol samfunnshus sprengt. Ungdomsskulen manglar stadig kroppsøvingssal.

2.2. ORGANISERING

2.2.1 Eksisterande skular

Gol kommune har to barneskular med 1.-7. trinn; Herad skule med 80 elevar og Gol skule med 314 elevar. Gol ungdomsskule har 170 elevar skuleåret 2008/09.

2.2.2 Eksisterande administrasjon

Skule	Rektor	Inspektør	Rådgjevar	Sosiallærar	Merkantilt personale
HERAD	50 %				
GOL SKULE	100 %	75 %			100 %
GOL UNGDOMSSKULE	100 %	100 %	25 %		100 %
TOTALT	250 %	175 %	25 %	10-12 %	200 %

2.2.3 Behov ved eksisterande organisering

Skule	Rektor	Inspektør	Rådgjevar	Sosiallærar	Merkantilt personale
HERAD	50 %				
GOL SKULE GLITREHAUG		25 %			
GOL UNGDOMSSKULE					
TOTALT	50 %	25 %			

2.2.4 Eksisterande kompetansebehov

Grunnskulen i Gol manglar etter kvart fagkompetanse i fleire fag, særleg i matematikk og naturfag, men også i norsk og engelsk og andre språkfag.

Det har vist seg å vera svært vanskeleg å rekruttere spesialkompetanse som til dømes logoped.

2.3. PROGNOSAR

2.3.1 Folketalsutvikling

Framskrivningen ved hjelp av SSB/Statistikkbanken har ein basis frå 1.januar 2008 på 4 449 innbyggjarar. Per 1.januar 2009 var innbyggjartalet 4 516 - eller 67 personar over basis.

Med alternativ middels nasjonal vekst (alternativ MMMM,) viser framskrivinga:

2015: 4 635 personar

2020: 4 829 personar

2025: 4 960 personar

2030: 5 117 personar

Det betyr ein folketalsvekst i Gol dei neste 31 åra på ca 600 personar.

Elevtalsutvikling

Aldersgruppa 6-15 år viser følgjande utvikling:

2009:	549 elevar
...	
2015:	570 elevar
2020:	567 elevar
2025:	577 elevar
2030:	605 elevar

Det betyr ein auke i barn i skulepliktig alder på 56 dei neste 21 åra. Gjennomsnittleg rekna gjev dette 60,5 elevar på kvart trinn, noko som etter tradisjonelle klassedelingsstal ville ført til behov for undervisningsareal til treparallellelskule. Erfaringar viser at elevtalsutviklinga kvart år er høgare enn prognosane.

2.3.2 Tettstaden kontra grendene

Frå 1990 til 2008 har befolkninga i tettstaden auka frå 2 030 personar(48 %) til 2 688 (60 %) personer, eller med 658 personar.

I same tidsrom har befolkninga i grendene gått ned frå 2 190 til 1 741, eller med 449 personar.

Totalt har befolkninga auka med 217 personar i same tidsrom. Det er mest sannsynleg at denne trenden vil halde fram.

2.3.3 Bustadutvikling

Det er i 2008 registrert 2 519 bustadar i Gol. Det betyr at gjennomsnittsbustaden har 1,76 bebuarar.

Ein folketilvekst på 600 personar med same tall per bustad utløyser eit bustadbehov på 340 nye bustadar, eller ca 16 per år i snitt. I tillegg kjem eldre bustadar som blir erstatta med nye.

Dei avsette bustadområda i gjeldande planverk er tilstrekkeleg til å dekkje behovet. (Gorolie, Øvre Hagaskogen, Øvre Petterbråten, Øvre Tuppeskogen, Tuppeskogen med tre område og leiligheiter i sentrum).

Elevar frå desse bustadområda vil i vesentleg grad sokne til Gol skule. Det aukar behovet for meir undervisningsareal.

Avstandane fra Hallingmo til Øvre Tuppeskogen er ca 3,2 km og vil ikkje gje auka behov for skuleskyss. Frå Gorolie til Hallingmo er avstanden ca 5,7 km. Skyssgrensa for rett til fri skuleskyss er 4 km.

3. PEDAGOGISKE FØRINGAR

3.1. FORMÅLET MED OPPLÆRINGA

Den nye formålsparagrafen for skulen lyder:

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtiding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Skulen sitt samfunnsmandat er å utvikle heile mennesket, og mål og innhald dreiar seg om meir enn fag. Skulen har også ein oppdragarfunksjon. Omgrepet ”danning” kan forståast som summen av det faglege, det sosiale og det kulturelle aspekt ved opplæringa. Skuleanlegg må derfor kunne ivareta alle desse aspekta ved elevens utvikling. Den generelle delen av læreplaner understrekar ofte mandat og mål som går ut over fagmåla.

Organiseringsformer og arbeidsmåtar må varierast slik at både individuelle behov og fellesskapsinteresser blir ivaretekne. Dette stiller også krav til læringsmiljø og læringsarenaer.

3.2. TILPASSA OPPLÆRING

Skulane i Gol har i samarbeid definert og konkretisert omgrepet tilpassa opplæring slik

SKULEN

* Skulen skal ivareta alle elevar ubunde av sosial bakgrunn, kjønn, religiøs eller etnisk tilhøyre og føresetnader for læring.

- * Læringsmiljøet må organiserast på ein fleksibel måte for å imøtekoma ulike behov.
- * Praksis må gjenspegle positive haldningar til mangfald og bidra til eit inkluderande læringsmiljø.

LÆRAREN

- * Læraren skal møte alle elevar med ei grunnleggjande haldning om at alle er ulike og verdfulle.
- * God observasjon og relevant kartlegging er ein føresetnad for tilpassa opplæring.
- * Undervisninga må tilretteleggje for varierte arbeidsmåtar, differensiert lærestoff og ulike oppgåver og aktivitetar.
- * Vurdering i form av elevsamtaler og jamlege og tydelege tilbakemeldingar skal medverke til læring, personleg utvikling og motivere til innsats.
- * Læremiljøet i klassen skal gje rom for samspel og fellesskap.

ELEVEN

- * Alle elevar skal oppleve å bli sett som unike individ med ulike føresetnader for å lære.
- * Dei treng derfor tilpassa utfordringar for å kunne utnytte sitt potensiale og bli motiverte til å yte sitt beste.
- * Å oppleve meistring og medverknad stimulerer til vidare innsats.
- * Målet er læring og personleg utvikling for kvar einskild elev.

3.3. GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER

Omgrepet *grunnleggjande ferdigheiter* vart innført saman med Kunnskapsløftet i 2006.

Bakgrunnen for å innføre dette var ei erkjenning av at nokre område i skulen sitt arbeid var viktigare enn andre og derfor må vektleggjast i større grad enn andre område.

Grunnleggjande ferdigheiter er integrert i kompetansemåla i faga der dei bidrar til utvikling av og er en del av fagkompetansen. Det vil seie at ein i alle fag skal gi elevane høve til å ta i bruk og øve på dei fem grunnleggjande ferdigheitene.

Dei grunnleggjande ferdigheitene er

- Å kunne uttrykkje seg munnleg
- Å kunne lesa
- Å kunne uttrykkje seg skriftleg
- Å kunne rekne
- Å kunne bruke digitale verktøy

3.4. LÆRINGSMILJØ

Eit trygt og inkluderande elevmiljø er ein føresetnad for all læring. Alle elevar har krav på å oppleve tilhøyre og samkjensle. Det er derfor eit krav at alle elevar skal høyre til i ei gruppe eller ein klasse. Klassen må vera samla så mykje som det trengst for å utvikle ei kjensle av å høyre til og utvikle gode relasjonar til medelevar og lærarar.

God klasseleing er ein føresetnad for å utvikle eit godt miljø i klassen. Dyktige lærarar etablerer gode arbeidsrutiner, klare reglar, kjende rammer og konsekvensar slik at elevane veit kva dei kan vente seg. Elevane må heile tida oppleve at det er dei vaksne som bestemmer og

legg føringar for arbeidet. Då vil dei oppleve skuledagen som trygg, og dei kan få ro til å konsentrere seg om skulearbeidet.

Etter kvart som elevane blir eldre kan dei gradvis lærast opp i demokratiske prosessar og oppleve elevmedverknad.

3.5. VARIERTE ARBEIDSFORMER

Alle elevar er forskjellige og lærer på forskjellige måtar. Nokon arbeider best åleine, mens andre lærer best i samarbeid med andre. Nokon treng å sjå ting, mens andre best får med seg det dei høyrer. Nokon er teoretikarar og tileignar seg lærestoffet gjennom lesing. Andre må prøve ut ting i praksis og bruke hendene for å forstå det dei skal lære. Nokon lærer gjennom rytme og musikk, andre ved å bruke kroppen.

For dei fleste vil ein kombinasjon av desse innfallsvinklane vera det beste; lærestoffet vil feste seg betre ved at ein brukar fleire arbeidsmåtar. Det er derfor viktig at det blir lagt til rette for varierte arbeidformer.

3.5.1 Klasseromsarbeid

Skuledagen kan startast og avsluttast med ei samling for klassen. Elevane sit då ofte i ein hestesko eller ring. Kontaktlærer gjennomgår dagsplanen slik at elevane veit kva dagen skal innehalde.

Det sosial-pedagogiske arbeidet blir ofte lagt til slike samlingar. Læraren fører dagbok for å følgje med på eventuelt fråvær, det er høve til å markere fødselsdagar eller andre merkedagar, og klassen kan ta opp tema som som gjeld trivsel og miljø. Saker frå elevrådet blir også tatt opp i desse øktene.

3.5.2 Tavle- /Kateterundervisning

Introduksjon av nytt lærestoff blir ofte presentert framfor ein samla klasse. Læraren kan bruke visuelle hjelpemiddel til å forsterke innlæringa. Den tradisjonelle tavla er lett tilgjengeleg. Ein kan også bruke overhead-prosjektor, interaktiv tavle eller data-prosjektor.

Gode illustrasjonar saman med god formidling vil bidra til at fleire får med seg det som skal lærast.

Det er viktig at alle i klassen sit slik at dei ser og kan følgje godt med.

Denne typen undervisning blir ofte kombinert med spørsmål til klassen eller ein samtale mellom lærar og elevar.

3.5.3 Førelsing

Lærar eller ein ekspert på eit felt gir ei forelesing som kan vera for ei større gruppe t.d. for eit trinn på ca 70 elevar. Det krevst gode sjå- og lytteforhold, og det kan brukast eit utval av medium for å støtte forelesninga.

Denne undervisningsforma blir mest brukt i dei høgste klassane.

3.5.4 Individuelt arbeid

Mange oppgaver høver godt for individuelt arbeid. Eleven får høve til å fordjupe seg i lærestoffet i eige tempo og etter eigne føresetnader. Det kan vera i stille-lesing, utarbeiding av skriftleg tekst, reknestykkje eller andre gruble-oppgåver.

Eleven har då behov for rolege omgjevnader som er skjerma frå meir urolege aktivitetar. For dei eldste kan det vera aktuelt med ein lesesal eller eit mediarom til slike aktivitetar.

3.5.5 Gruppearbeid og prosjektarbeid

Ei gruppe elevar, ofte 3-6, gjennomfører ei oppgåve i samarbeid med kvarandre. Ulike arbeidsformer kan brukast. Gruppen arbeider fram ulike produkt og treng variert utstyr. Ei elevgruppe kan t.d. arbeide med eit prosjekt som strekkjer seg frå planleggjing og klargjering til presentert produkt. Gruppen treng ein fast arbeidsstasjon, men deltakarane arbeider periodevis åleine eller parvis. Prosjektet går over tid, og det blir veksla mellom arbeid på skulen, ute i samfunnet og heime.

For dei yngste elevane vil ei gruppe på to vera nok. Større grupper kan fungere frå mellomtrinnet og oppover.

3.5.6 Framføringar

Prosjektarbeid og andre læringsoppdrag fører ofte fram til eit produkt som det er behov for å dele med andre i form av ei framføring. Det kan vera behov for teknisk utstyr, og det kan vera behov for å bruke ei scene. Framføringane kan vera retta mot klassen, eller dei kan vera for alle elevane på trinnet, på hovudtrinnet eller på heile skulen.

Kunstnariske presentasjonar av profesjonelle utøvarar, t.d. i regi av den kulturelle skulesekken, inngår også som eit ledd i skulekvardagen.

3.5.7 Arbeid i stasjonar

Undervisninga kan organiserast i såkalla stasjonar. Elevane blir delte inn i grupper etter interesse eller fagleg nivå. Gruppene skal vera ei gitt tid på kvar stasjon og deretter flytta over til neste stasjon etter ei gitt "løype". Ein eller fleire av aktivitetane blir styrte av ein lærar. Døme på ein slik aktivitet kan vera "veileda lesing". Læraren går då nøyte gjennom ein tekst saman med ei gruppe elevar som er på omtrent same nivå i lesing. Dei andre stasjonane må ha tilrettlagt arbeid som elevane kan utføre sjølvstendig ettersom det som regel ikkje vil vera nok ressursar til å ha fleire lærarar i klassen.

3.5.8 Opplæring i framandspråk

God opplæring i framandspråka engelsk, tysk og fransk krev trening og perfektjonering i uttale og intonasjon. Elevane må lytte til gode språklege modellar, t.d. på ein CD eller ei lydfil, og gjenta det dei høyrer, helst kvar for seg. Læraren må lytte til og rettleie kvar enkelt elev. Eit språklaboratorium er ein verkstad for slike språklege øvingar.

3.5.9 Praktisk arbeid

Det er svært viktig at skuledagen ikkje berre består av teorifag og teoretiske arbeidsmåtar. I faget mat & helse er det til dømes avgjerande for elevane sitt forhold til faget at dei får høve

til å lage mat og førebu måltid og ikkje berre lesa om dette i ei bok. Det same gjeld for faga kunst & handverk, musikk og kroppsøving.

Men også når det gjeld fag som naturfag og matematikk, er det viktig med praktiske arbeidsmåtar. Elevane må få gjera forsøk, byggje, arbeide med ferdigprodusert materiale, lage eige materiale og ikkje minst utforske og bruke naturen.

Skulen må ha tilgang til materiell og spesialrom som gjer slikt arbeid lett å gjennomføre. Det er også viktig med lett tilgang til naturen.

3.5.10 Fagkurs

For å kunne gi god tilpassa opplæring, kan undervisninga av og til organiserast i form av fagkurs. Eit døme på dette er lesekurs for elevar som ikkje har den ønska utviklinga i lesing.

Desse får eit intensivt kurs i form av leseopplæring fleire timar i veka i ein gitt periode.

Fagkurs kan også gjevast til elevar som har kome ekstra langt, og som treng spesielle utfordringar i eit fag.

Fagkurs krev skjerma omgjevnader.

3.5.11 Leksehjelp

Elevar som treng meir hjelp og tilrettelegging med lekser enn det heimen kan gi, bør få tilbod om leksehjelp på skulen. Dette bør organsierast som eit frivillig tilbod rett etter at skuledagen er over, gjerne i samarbeid med frivillige, t.d. frå Røde Kors.

3.6. INFORMASJONSTEKNOLOGI OG KOMMUNIKASJON

Med Læreplan 06 Kunnskapsløftet vart IKT ei basisferdigheit på line med lesing og rekning. Det medfører endringar i korleis vi tenkjer på bruken av IKT i grunnskulen. Frå å vera mest ferdigheitsbasert skal IKT no vera eit verktøy på line med andre verktøy som blir brukt i undervisninga.

Digital ferdigheit inneber at eleven – og læraren – skal beherske ulike IKT-verktøy, og kunne bruke det aktivt i undervisningssituasjonen.

Skulen i Gol skal ha ein topp moderne data-infrastruktur med pc-ar, interaktive tavler (smartboard), digitale lesebrett osb.

Utviklinga av IKT skjer svært raskt. Nettevolusjonen og utviklinga av digitale verktøy gjer at lærarane i Gol må få kontinuerleg skoloring og etterutdanning i IKT. Utstyr og metodar som vart brukt for tre år sidan, er i dag umoderne.

Elevar med dysleksi og andre lærevanskar skal ha god tilgang på digitale verktøy og ressursar, for å hjelpe dei i si læring.

IKT skal vere integrert i alle fag.

Alle forlaga har no nettressursar til læreverka sine. Desse ressursane skal brukast som eit likeverdig supplement til lærebøkene.

Skulen i Gol brukar lærings- og kommunikasjonsplattforma It's Learning. Aktiv bruk av læringsplattforma er viktig for at IKT skal bli integrert i faga. Stadig fleire forlag legg læringsressursane her, noko som lettar arbeidet både for lærar og elev.

It's Learning er og viktig som kommunikasjonskanal mellom lærar og elev, lærar og foreldre og elevane imellom.

3.7. FYSISK AKTIVITET

Fysisk aktivitet samt kosthald og helse vil vera eitt av hovudsatsingsområda dei kommande åra. Gol kommune har vore ein føregangskommune på dette området, og skulane i Gol har gått i bresjen for å gi ungane dagleg fysisk aktivitet.

Ein ny skule i Gol må planleggjast slik at det vert lagt til rette for variert former for fysisk aktivitet. Det vil vere viktig med lett tilgang til ulike arenaer. Det kan ein få til ved å ta del i planane til Hallingmoprosjektet. Det viktigaste er ikkje å skape nye arenaer for aktivitet, men å ta i bruk gode naturområda på ein føremåtenleg måte. Sjå også punkt 7.6.

3.8. SPESIALUNDERVISNING

Spesialundervisning er opplæring for elevar med særskilte behov som ikkje har godt nok utbytte av den ordinære opplæringa. Retten til spesial-undervisning er heimla i §5.1 i opplæringlova og blir tildelt elevar etter sakkunnig tilråding frå PPT.

Spesialundervisning kan gjevast som ein-til-ein-undervisning, i grupper eller i klassen. Ofte vil ein kombinasjon av desse tre vera det beste. Alle elevar har rett til å høyre til i ein klasse, og det er derfor viktig at også desse elevane har god kontakt med klassen sin.

Spesialpedagogisk arbeid i grunnskulen i Gol er av eit slikt omfang at det vil vera føremålstenleg å samle ressursar og kompetanse i ei spesialpedagogisk avdeling. Ei spesialpedagogisk avdeling vil kunne tilby eit skjerna, stabilt og tilpassa miljø for dei mest sårbare elevane og samtidig gje eit betre og meir stimulerande arbeidsmiljø for dei tilsette. Det vil sannsynlegvis også vera ressursparande. Eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette vil medverke til at kommunen lettare vil kunne tiltrekke seg og halde på spesialkompetanse.

3.9. GRUNNLEGGJANDE NORSK

Grunnleggjande norsk er faget for særskilt norskopplæring for elevar med anna morsmål/førstespråk enn norsk. Retten til slik opplæring er heimla i opplæringlova § 2-8. Skulen vel om den særskilte norskopplæringa skal gjevast etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklige minoritetar eller i form av særskilt tilpassning innanfor den ordinære læreplanen i norsk.

Om nødvendig har desse elevane også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Planen for grunnleggjande norsk er ein overgangsplan som berre skal nyttast til elevane er i stand til å følge opplæring etter den ordinære læreplanen i norsk.

Læreplanen i grunnleggjande norsk er delt i 3 nivå, og undervisninga må derfor organiserast i grupper etter nivå. Gruppene går som oftast på tvers av klassetrinn.

Gol kommune har relativt mange elevar (ca 15%) som har rett til opplæring i grunnleggjande norsk, og kommunen har ei utfordring nå det gjeld å gjera desse elevane kvalifisert for vidare utdanning og yrkesliv.

3.10. VURDERING

Retten til vurdering for alle trinn i grunnskulen er forskriftsfesta. Forskrifta stiller krav om at det skal leggjast vekt på å gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane. Det skal også leggjast til rette for at elevane kan gjera god eigenvurdering.

Kontakten med heimen er ein viktig del av vurderingsarbeidet. Foreldresamtalene skal munne ut i ei oppsummering, mellom anna med sikte på å bli enige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet.

Elevane skal både ha undervegsvurdering og sluttvurdering. Undervegsvurdering skal hjelpe til å fremje læring, utvikle kompetansen til eleven og gi grunnlag for tilpassa opplæring. Undervegsvurdering kan ein gi både med og utan karakterar. Karakterar skal gjevast frå og med 8. klasse.

Sluttvurderinga skal gi informasjon om nivået til eleven ved avslutninga av grunnskulen.

3.10.1 Elevsamtalar

Elevsamtalen er ein metode for blant anna å møte krav til elevvurdering. Dette kravet gjeld for alle trinn i grunnskulen. I denne samtalen mellom elev og lærar blir det fokusert på måloppnåing i fag og på sosiale ferdigheiter. Elevane får samtidig trening i eigen-vurdering av fagleg utvikling.

3.10.2 Foreldresamtalar

Foreldresamtale er ein planlagt og strukturert samtale mellom foreldre og lærar. Ofte er elevane også med. Ein slik samtale skal som eit minimum finne stad to gonger om året.

3.12. KULTUR I SKULEN

Musikk, dans og drama er fag og emne i skulen frå 1.-13. årstrinn. Det er også kunst & handverk. Utøvd på ein god måte skaper desse fag trivsel og glede i skulekvardagen. Elevar som strevar med teorifaga kan ofte gjennom desse faga oppleve mestring og få sjølvtilit.

Faga blir ofte synleggjort gjennom framføringar og utstillingar. Det kan vera for foreldra, men også for andre i lokalsamfunnet.

Det er derfor viktig at det blir lagt til rette for opplæring av høg kvalitet i kulturfaga. Dette stiller først og fremst krav til kompetanse hos lærarane. Ikkje alle lærarar kjenner seg kvalifiserte til å undervise i fag som musikk eller kunst & handverk, i alle fall ikkje på dei øvste trinna. Å sikre denne fagkompetansen samtidig som ein sikrar seg at lærarane har god nok kompetanse i dei grunnleggjande ferdigheitene, har ofte vore ei utfordring for skulen.

God opplæring i kulturfaga stiller også krav til eigna rom og utstyr. Det gjeld ikkje minst gode forhold for sceniske framføringar.

Gol kommune har ein godt innarbeidd kulturskule. Det ville vera ei god utnytting av ressursane med eit nærare og meir formalisert samarbeid mellom grunnskulen og kulturskulen.

3.12. SFO

Skulefritidsordninga er eit lovpålagt tilbod til elevar frå 1.-4. årstrinn og til funksjonshemma elevar t.o.m. 7. årstrinn. Ordninga skal sikre at barna få forsvarleg tilsyn og omsorg før og etter skuletid, på skulen sine fridagar og i nokre av skulen sine feriar.

SFO er heimla i opplæringslova og i kommunale vedtekter. Rektor ved skulen har det pedagogiske og administrative ansvaret.

SFO skal leggje til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser. Det er derfor eit ønskje at SFO skal samarbeide nært med frivillige organisasjonar og med kulturskulen om å gi barna meningsfylte tilbod i SFO-tida.

Mange kultur- og idrettsaktivitetar som barna på småskuletrinna er med på, kan med fordel leggjast til SFO-tida i staden for seinare på kvelden.

SFO må også leggje til rette for måltid, fri leik og fysisk aktivitet, formingsaktivitetar, lekselesing og rolege syslar. Sjå også punkt 4.1.3 og 5.3.5.

3.13. SAMARBEID HEIM - SKULE

Foreldre-samarbeid for klassen eller trinnet foregår i form av foreldremøte, festar eller turar.

På foreldremøta blir det gitt informasjon frå skulen til heimane, det sosial miljøet i klassen blir drøfta og andre tema, t.d. grensesetjing og bruk av internett, blir tatt opp. Foreldremøta bør foregå i lokale som kan romme alle føresette på eit trinn.

Skulen skal også ha foreldreråd der alle foreldra er medlemmar. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) med ein representant frå kvar klasse. FAU har jamnlege møte med rektor.

Samarbeidsutvalet (SU) er skulen sitt øvste rådsorgan. SU skal vera samansett av FAU-leiar og ein annan foreldrerepresentant, 2 frå elevrådet, 2 lærarar, 1 frå dei andre tilsette og 2 representantar frå kommunen, rektor og ein politisk oppnemnd representant. Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om alle saker som gjeld skulen.

Det skal også vera eit skulemiljøutval ved kvar skule. Utvalet skal ha same samansetjinga som SU, men foreldra og elevane skal vera i fleirtal. Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivitet del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

3.14. TVERR-ETATLEG SAMARBEID

Skulen skal ha regelmessig og planlagt samarbeid med helsetenesta, barnevern og PPT. Samarbeidet føregår delvis i form av fellesmøte, såkalla tverrfaglege møte der ein drøftar førebyggjande tiltak eller anonymiserte bekymringssaker.

Når det gjeld behov for samarbeid om enkelt-elevar, blir det kalla inn til samarbeidsmøte med dei aktuelle samarbeidsinstansane og føresette.

Skulehelsetenesta er ein del av kommunens lovpålagde førebyggjande helseteneste for barn og unge, og tenesta er sett på som ein viktig aktør i generelt førebyggjande arbeid.

Tenesta er heimla i "Forskrift om kommunene helsefremmande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta."

Når dei tilsette i skulehelsetenesta er kjende og tilgjengelege på skulen, kan dei tidleg fange opp bekymring for elevane sine helseproblem frå lærarar, foreldre og frå barna, og det er nyttig at helsetilbodet blir gjeve av nokon som kjenner forholda på skulen.

Areal til skulehelseteneste må omfatte minimum to rom/kontor for helsesøster, lege og psykiatrisk sjukepleiar (Helsestasjon for ungdom) og venterom. Arealet må vera lydisolert. Sjå elles punkt 5.3.8.

4. ORGANISERING

4.1. ELEVANE

4.1.1 Ein felles barne- og ungdomsskule

Ein felles barne- og ungdomsskule vil opne for mange moglegheiter når det gjeld organisering av elevane. Tilpassa opplæring kan organiserast ut frå faglege og sosiale behov like mykje som alderstrinn. Det blir også lettare for elevane å sjå heile grunnskuleløpet under eitt når dei kan følgje med dei elevane som er eldre, og som etter kvart fullfører grunnskulen.

Overgangen mellom barnetrinn og ungdomstrinn vil bli mindre når elevane kan sjå kva som blir forventa på dei øvste trinna.

Men ein kombinert barne- og ungdomsskule kan også fort bli stor og uoversiktleg. Miljøet på ein så stor skule kan opplevast litt utrygt, særleg for dei minste. Dette let seg løyse gjennom organisering og arkitektur. Andre stader der ein har valt å byggje 1-10-skular, er dette gjort ved blant anna at dei ulike trinna har sine heimeområde med eigne uteområde, inngangar, garderobar og toalett. Heimeområda er plasserte slik at alle får tilgjenge til spesialrom og utstyr på ein grei måte.

Organisering, utforming og arkitektoniske løysingar må ta omsyn til at alle elevar skal oppleve tilhøyre, tryggleik og stabilitet.

4.1.2 Trinnet som eining

Det er ulike modellar for korleis elevane kan organiserast. Ut frå tankegangen om at elevane skal få ei kjensle av å skifte miljø er det naturleg å dele elevane inn i tre hovudgrupper.

- 1.-4. klasse og SFO.
- 5.-7. klasse
- 8.-10. klasse

Innafor desse gruppene er det naturleg å halde på årstrinnet som eining. Det er likevel mogeleg å samarbeide mellom årstrinna, noko som vil gi auka moglegheiter for organsiering av t.d. fagkurs, grunnleggjande norsk og andre former for tilpassa opplæring.

4.1.3 Før og etter skuletid

Skuledagen fyller ein stor del av barnets kvardag, men ikkje heile. Mange av dei minste barna går på SFO før og etter skuletid. Elevar frå heile grunnskulen deltar på kulturskuletilbod og svært mange går på ein eller annan aktivitet i regi av idrettslaget. I tillegg skal det gjerast lekser, og ein del barn har behov for organisert leksehjelp

I dag er blir desse tilboda organiserte av separate instansar som berre har eit minimalt samarbeid seg imellom. Tilboda er ikkje synkroniserte i tid ut frå barnets behov, og foreldra må ofte køyre mellom dei ulike aktivitetane.

Det bør vera mogleg å organisere dette som eit meir heilskapeleg tilbod. Tida før og etter skuletid bør kunne innehalde ein del av dei aktivitetane barna likevel er med på, utan at dei må hentast og køyrast frå stad til stad. Dette vil kunne spare heile familien for både tid og ikkje minst stress.

Ei samlokalisering av skule, SFO, kulturskule og idrettslag på Hallingmo bør også føre til ein større grad av samorganisering. Nabokommunen Nes har kulturskulen som ein integrert del av ungdomsskulen, og denne modellen er det grunn til å sjå nærare på.

4.2. DEI TILSETTE

4.2.1 Fagmiljø

Ein felles barne- og ungdomsskule vil utgjere ein større arbeidsplass, og fagmiljøet vil dermed bli utvida. Det vil bli fleire lærarar med kompetanse i same faget, og det vil bli lettare å inspirere kvarandre fagleg. Det vil og bli lettare å rekruttere personale – både allmennlærarar, spesialpedagogar, lærarar med kompetanse i kulturfag og barne- og ungdomsarbeidarar. Lærarar med spesialområde i ”små” fag som musikk og kunst og handverk vil få ein større del av stillinga si knytt til faget. Dette vil gje betre tilgang til fagkompetanse for elevar på alle trinn.

Eit større vaksenmiljø vil også føre til betre fordeling mellom kjønna, - noko som er særleg viktig når det gjeld funksjonen som vaksne rollemodellar.

4.2.2 Lærarane

Det vert stilt ulike krav til kompetanse for å undervise på dei ulike trinna. Til dømes må lærarane på ungdomstrinnet ha større fordjuping i faga dei skal undervise i, enn på dei lågare trinna. Den nye lærarutdanninga legg opp til ein endå større grad av spesialisering. Lærarar som skal undervise i 1.-7. trinn skal normalt ha fire undervisningsfag med vekt på begynnaropplæring. Dei som skal undervise på 5.-10. trinn, skal minst ha tre undervisningsfag.

Lærarane må organiserast slik at ein får nytta kompetansen deira på best mogeleg måte. Det vil vere naturleg så langt som råd, å organisere dei vaksne på same måten som elevane vert inndelte. Lærarane vil ha mesteparten av undervisninga si på eitt trinn, resten vil bli til det hovudgruppa elevane er delt etter.


4.2.3 Andre yrkesgrupper

I framtida vil det truleg bli behov eit personale med meir variert yrkesbakgrunn enn det er i dag. Barne- og ungdomsarbeidarar /assistentar har ein viktig funksjon i skulen i Gol . Etter kvart kan ein tenkje seg at miljøarbeidarar, helsepersonell og andre kjem til å bli ein naturleg del av personalet i skulen.

4.2.4 Administrasjonen

Organiseringa av administrasjonen må ta utgangspunkt i elevorganiseringa. Dersom det blir lagt til rette for at kulturskulen skal vera ein del av det nye skuleområdet, kan det leggjast opp til ein felles administrasjon.

Modell for organisering:



I tillegg til administrativ leiing vil det vera behov for to heile merkantile stillingar.

5. AREALBEHOV

Ein skule som blir bygd i dag, skal fungere i mange år framover. Ved planleggjing av skulebygg må det derfor leggjast til rette slik at eventuelle framtidige endringar i pedagogikk og læreplanar enkelt kan fangast opp i bygga.

Stor grad av fleksibilitet blir viktig samtidig som bygningsmessig kvalitet og estetiske verdiar må ivaretakast.

Eit moderne skuleanlegg må gjenspeile dette ved å utfordre til å benytte eit mangfald av organiseringsmåtar, arbeidsmåtar, læringsarenaer og læremidlar.

Areala må derfor tilby variasjon:

- frå open til skjerma
- frå allrom til spesialiserte rom
- frå ro og konsentrasjon til aktivitet og utfolding
- frå fellesfokus til individuelt fokus.

5.1. UNIVERSELL UTFORMING

I følgje opplæringslova har alle barn rett til å gå på nærskulen sin uavhengig av funksjonsevne og behov for tilretteleggjing.

Elevar som er rørslehemma, har nedsett synsevne, hørselsvanskar og ulike allergiar har alle krav på eit arbeidsmiljø som gjer at dei kan fungere i skulekvardagen, både ute og inne.

Det må takast omsyn til stråling når det gjeld kabling og trådløst nettverk.

Ved tilplanting bør det òg takast omsyn til allergi.

Universell utforming samsvarar godt med opplæringslova sin intensjon om inkludering av alle elevar i skulesamfunnet, og universell utforming vil kunne bidra til at behovet for fokus på spesiell tilretteleggjing for elevar og tilsette med funksjonshemmingar blir redusert.

5.2. AREALNORMER

Læreplan 06 Kunnskapsløftet og opplæringslova seier ingenting om krav til areal. Gjennomsnittsareal per elev i grunnskulen i Noreg viser seg å vera 14 m².

Kontakt med andre kommunar visar at 6 m² som arealnorm per lærararbeidsplass i byggjeprogram for nye skularr er vanlig. Det er også tilrådd i ulike dokument frå sentrale styresmakter.

Sosial- og helsedirektoratet føreslår eit krav til minimum 50 m² uteareal per elev i nye skuleanlegg.

5.3. INNEAREAL

Å byggje ein 1-10-skule gir i seg sjølv stor grad av arealutnytting.

Det er ønskeleg med direkte inngang frå uteareal til heimearealet slik at elevane ikkje må slusast gjennom lange korridorar for å koma fram til klasserommet. Dette vil òg gi betre arealutnytting.

5.3.1 Heimeareal

Heimearealet for kvart trinn må bestå av:

- 3 klasserom (tre-parallellskule)
- 3 grupperom
- garderobe med 3 toalett (eitt for funksjonshemma)
- fellesareal med kjøkkenkrok og datakrok, sitjegrupper for stillelesing og for gruppearbeid og til å samle heile trinnet i heimearealet.
- lagerplass

Rominndelinga må lagast på ein slik måte at ein kan opne opp for å få større rom ved behov.

5.3.2 Spesialrom

Det er viktig for elevane å få oppleve praktisk arbeid og utforsking.

Det må derfor vera eigne rom til:

- tekstilforming
- sløyd / keramikk
- naturfag; laboratorium
- skulekjøkken
- kroppsøvingsavdeling
- musikk og drama
- datalaboratorium med lager/verkstad
- språklaboratorium
- bibliotek
- amfi / auditorium (med plass til eitt trinn) og scene
- kantine.

Amfi, kantine og skulekjøkken kan godt vera i tilknytning til kvarandre slik at ein kan bruke dette til utleige. Kroppsøvingsavdelinga må vera på storleik som ein handballbane og kunne delast i tre for å møte behovet for fysisk aktivitet for inntil 30 klassar 2-3 timar per veke.

5.3.3 Spesialpedagogisk avdeling

Ei spesialpedagogisk avdeling er først og fremst tiltenkt barn med psykisk utviklingshemming samt multi-funksjonshemma barn. Ei slik avdeling må innehalde:

- fellesrom, kjøkken med spiseplass, 4-5 grupperom, toalett/stellerom, garderobe og lager.

Eitt av grupperomma bør vera litt større og innreiast som sanserom.

Før og etter skuletid kan desse lokala nyttast av SFO slik at elevar med spesielle behov får stabile og trygge rammer heile dagen.

5.3.4 Alternative tilbud

Enkelte elevar har meir behov for tilrettelegging av varierte arbeidsformer enn det ein kan tilby i ein vanlig klasse. Konsentrasjons- og åtferdsvanskar gjer at enkelte elevar bør få eit tilbud på i eigna rom som er sentralt plassert, gjerne i tilknytning til spesialrom for kunst og handverk, bibliotek, kroppsøving og uteområde.

Når det gjeld spesialundervisning og alternative tilbud – sjå også vedlegg 1 og beskrivingane frå ekskursjonane til Fagerlund skole, Ringsaker kommune og Vestsiden skole, Porsgrunn kommune ("Ventilen").

5.3.5 Skulefritidsordning (SFO)

SFO bør liggje like i nærleiken av spesialpedagogisk avdeling, og det bør kunne opnast og lukkast mellom desse avdelingane etter behov. Sjå også punkt 3.12 og 4.1.3..

1.-4. klasse bør kunne gå med innesko frå sine heimeplassar til SFO slik at dei kan bruke garderobeplassane sine i heimeareala.

SFO må ha tilgang på spiseplass til ca 70 barn.

SFO bør ha direkte utgang til eit uteområde som kan avlaste innearealet. SFO må kunne bruke bibliotek, kunst og handverkrom og idrettsanlegg.

5.3.6 Personalet

Ei personalavdeling må gi rom for samarbeid, førearbeid og etterarbeid, møteverksemd samt produksjon og tilrettelegging av læremidlar.

Føre- og etterarbeid for elevane si læring føregår no på skulen der teknisk utstyr og læremidlar er samla, og der lærarane i fellesskap tilrettelegg for mest mogleg allsidige og varierte læringssituasjonar for kvar enkelt elev.

Ein funksjonell arbeidsplass for lærarane blir viktig for at dette skal fungere optimalt, og derfor er det viktig at lærararbeidsplassane blir samla og at dei ligg i nærleiken av administrasjon, personalrom, garderobe og toalett.

Ein bør ta høgde for minst 70-80 lærararbeidsplassar, og desse må vera på minimum 6 m² kvar.

Lærarane er organiserte i trinnteam, og det bør vera eit arbeidsrom per team med plass til eit møtebord. Det bør vera 3 store møterom i tilknytning til teamromma, samt kopirom og lager. Arbeidsgruppa vart veldig imponert over korleis Fagerlund skole i Brumundal, Ringsaker kommune, hadde utforma personalavdelinga si.

5.3.7 Administrasjon

Administrasjonen bør liggje sentralt ved hovudinngangen. Det bør vera ein resepsjon som skal ta mot og yte tenester til besøkjande. Det må vera kontor til rektor, minimum tre inspektørar

og ein kulturskuleleiar, rådgivar og sosiallærer. Det bør og vera eit ganske stort møterom i nærleiken.

5.3.8 Logoped, PPT og skulehelsetenesta

Logoped og PPT bør ha kvar sine rom i nærleiken av kvarandre. Logoped har mykje spesialutstyr og jobbar som regel med enkeltelevar (lydisolert).

Fagpersonar frå PPT kjem ofte til skulen for samtalar og kartleggjingar, og dette må skje på eigne, skjerma rom.

Rom for skulehelsetenesta må omfatte minst to rom. Sjå elles punkt 3.14.

5.3.9 Lager

Tilstrekkeleg med lagerplass er nødvendig for å halde orden og oversikt på læremidlar og utstyr. Det trengs eigne lager til alle spesialrom og alle heimeareal. Det er økonomisk å ha god nok plass til å ta vare på læremidlar slik at dei ikkje må skiftast ut så ofte.

5.3.10 Reinhold.

Ein ny skule må byggjast med eigen vaskesentral, men også bøttekott ute i heimeområda. Det må vurderast om det bør vera vaskesentral i kvar etasje dersom skulen får fleire etasjar. Sjå elles punkt 6.3.6.

5.3.11 Teknisk rom/Vaktmeister

Det er viktig å setja av god plass for vaktmeistertenesta med eigen inngang for varelevering og nødvendig lagerplass til verktøy og utstyr som skal brukast utandørs. Mykje av driftskontrollen vil for dette bygget bli datastyrt, og det krevst plass til dette.

5.3.12 Varelevering

Varelevering med eigen inngang både til skolekjøkken/kantine og direkte utgangsdør for varelevering i lageret til sløydavdeling.

5.3.13 Avfallshandtering

Jf. punkt 5.3.12 Varelevering. Sjå elles punkt 6.6.

5.4. INVENTAR

Både fargane og møblane må vera gjennomgåande slik at det kan brukast om kvarandre og over alt. Det kan vera ein fordel å halde seg til ein produsent. Alt inventar bør prøvast ut før innkjøp. Det kan også vera føremålstenleg å innhente vurderingar frå ergoterapeut i planleggjingsfasen.

5.5. UTEOMRÅDET

Skulen sitt uteområde er viktig arena for barns utfalding og læring, og det må derfor leggjast til rette for allsidig og trygg leik både fysisk og sosialt. Sosial- og helsedirektoratet føreslår eit krav til minimum 50 m² per elev i nye skuleanlegg.

I St. melding 30:2004 "Kultur for læring" fremma regjeringa forslag om fysisk aktivitet i skulen på 1 time per dag i tillegg til aktivitetar i faget kroppsøving.

Frå hausten 2009 blir skulane gjennom forskrift pålagde å organisere 2 timar ekstra i veka med fysisk aktivitet for 5.-7.klasse.

I oversiktsplanleggjinga må kommunen sørge for at slike areal blir avsette som friområde eller friluftsområde etter plan- og bygningsloven. Innhaldskrava må baserast på funksjonkrav.

Uteareala skal:

- gi rom for utøving av allsidig fysisk aktivitet
- gi rom for ulike typar sosial aktivitet
- gi tryggleik og vera trivselsskapande
- gi moglegheit for endring av det fysiske miljøet
- gi rom for å tileigne seg ny kunnskap gjennom praktisk utprøving og meistring
- gi rom for spenning og uventa utfordringar
- skape lokalt identitet.

Andre krav til dei fysiske omgjevnadene:

- sikre best moglege solforhold
- skjerme mot dei mest ubehagelege vindane
- unngå ureina område og område med kald luft
- trafikk sikre omgjevnader i ein radius på 200 meter frå skulen
- universell utforming.

Utforminga av uteområda bør sonedelast og tilretteleggjast for ulike aldersgrupper med eigna aktivitetssoner for ballspel og leikeapparat, sosiale møteplassar og moglegheiter for uteundervisning og bruk av området for nærmiljøet etter skuletid.

6. MILJØ OG DRIFT

Eit godt inn klima er viktig for arbeidsmiljøet for elevane og for dei tilsette. Gjennomtenkt materialbruk, rett val av varme- og ventilasjonssystem bidreg til lågare sjukefråvær, betre helse og god trivsel. Dette vil også påvirke driftsutgifter og vedlikehaldskostnader i heile byggets levetid.

6.1. INNEMILJØ

6.1.1 Luft

Lufta inne blir ureina av brukarar, materialar, matlaging, reinhaldsmidlar osv. Luftkvaliteten blir oppretthalden ved hjelp av tekniske installasjonar, men kan betrast ved bevisste val av produkt/materialar, gode reinhaldsrutinar og god orden.

6.1.2 Temperatur

Målet med nybygg er å oppnå god komfort, det vil seie at dei som oppheld seg i romma får jamn temperatur, og at dei ikkje blir utsette for trekk. Når areal ikkje er i bruk, skal temperaturen kunne reduserast slik at energiforbruket blir lågast mogleg.

6.1.3 Lys i læringsmiljø

Moderne løysingar for lys skaper funksjonelle, ergonomiske og miljøtilpasa arbeidsplassar for både elevar og lærarar der det også blir teke omsyn til kvart enkelt individs behov og føresetnader. Sjå også punkt 6.3.4.

6.1.4 Lyd/Støy

Støy kan virke negativt inn på barns konsentrasjons- og yteevne, og kan gjera problemløsning og læring vanskelegare. Det bør takast omsyn til at skulen er ei pedagogisk verksemd som er avhengig av eit lågt støynivå. Ut frå dette må plassering av utearealer/friområde planleggjast i forhold til undervisningsrom/arbeidsrom på skulen.

6.2. UTEMILJØ

Anleggets plassering i forhold til omgjevnadene vil kunne innvirke både på energiforbruk og inn klima.

Nabobygg kan gje både positiv og negativ effekt på energiforbruket. Positiv ved at dei kan skjerme mot vind og dermed redusere uønska infiltrasjon. Negativ fordi dei kan skjerme for ønska soltilskot.

Er skjerminga betydeleg, gir det auka oppvarmingsbehov og auka behov for elektrisk lys om vinteren, men kan gje redusert kjølebehov om sommaren.

6.3. DRIFT

6.3.1 Energi og miljøvalg

Gol kommune har høge målsetjingar i forhold til miljø i den nye kommuneplanen. Dette vil medføre nødvendige prioriteringar dersom måla skal realiserast.

For ein ny skule betyr det i første omgang å redusere varmetapet frå bygga mest mogleg. Dette inneber arealeffektiv planløyising, superisolerte vindauge/dører, ekstra tettleik i bygningskroppar, isolasjon av tak/veggar/golv tilsvarande lågenergi-/passivhusstandard. Vala her vil påvirke årleg totalt energibehov og behovet til oppvarming i bygga. Totalt normalbruk ved å fylle forskriftskrav er ca 170 kWh/m², under 100 kWh/m² for lågenergibustad og ca 65 kWh/m² for passivhus. Byggjekostnadene vil avgjerast ut frå kva for standard som blir vald, men det blir gjeve betydelege tilskot til lågenergi- og passivhus. Oslo kommune har i sine retningsliner for nye skulebygg lagt seg på krav om 100kWh/m². Med dei måla Gol kommune har i sine planar, vil det vera naturleg å leggje seg på minst samme standard.

6.3.2 Oppvarming

Ved bruk av vassboren varme kan energien hentast frå til dømes elektrisitet, olje, fjernvarme eller biobrensel. Olje skal ikkje brukast som energikjelde av omsyn til klima og ureining. Valet kan då bli varmt vatn som sirkulerer i radiatorar eller røyr lagde ned i golvet og/eller elektriske varmeomnar/varmekablar. Energi til oppvarming av rom og tappevatn kan bli ein stor kostnad i driftsbudsjettet, og det er derfor viktig å velja rett energikjelde og tekniske løysingar og å halde forbruket så lågt som mogleg.

Bruk av varmpumpe frå til dømes borebrønn gir ein større investeringskostnad, men gir betydeleg innsparing i årleg forbruk i heile anleggets levetid. Regelen er i dag at 1 kWh brukt, gir 3kWh tilbake. Nyare teknologi kan gi enda betre resultat. Under prosjekteringa skal det utarbeidast ein energikalkyle for alle dei tekniske installasjonane i skuleanlegget.

6.3.3 Ventilasjon

Ventilasjonen skal ha automatisk luftkvalitetsregulering slik at den blir tilpassa antall personar som oppheld seg i dei ulike romma. Den brukte ventilasjonslufta inneheld mykje energi. Denne kan hentast tilbake i varmegjenvinnar.

6.3.4 Lys

Vidare brukar vi energi til lys, drift av ventilasjonsvifter, komfyrar, TV, PCar og andre apparat. I ein ny skule vil det vera nødvendig å bruke LED-lys eller andre lågenergilamper for å spare mest mogleg. Erfaringar med LED-lys viser at energiforbruk til lys kan reduserast ned til ein tidel. Det må også vurderast indirekte lyssetnad der dette kan gje meir behageleg lys. Lyset må kunne styrast automatisk etter om det oppheld seg nokon i rommet eller ikkje. Ved stillesitjande aktivitet må dette systemet kunne overstyrast i periodar. Når det gjelder anna utstyr, må det veljast produkt med SVANE-standard. Det er krav til nybygg at dei skal klassifiserast etter miljømerking.

6.3.6 Styringssystem

Utan omsyn til val av teknologi skal alt koplast opp mot ein lokal styringssentral i anlegget og førebust for seinare oppkopling mot ein felles styringssentral for alle kommunale føremålsbygg.

6.3.6 Reinhald

Med reinhald meiner vi ikkje berre reingjeringa sjølv om dette er ein viktig del av det heile.

Godt reinhald betyr at vi:

- passar på å trekkje inn minst mogleg smuss og ureining, (brukar innesko/sokkar)
- har sørja for ei innreiing der det ikkje legg seg støv som er vanskeleg å nå
- har så få som mogleg av kjemiske stoff som kan avgasse og setja seg på støvet
- gjer det lett å reingjera
- gjennomfører reingjering ofte nok, grundig, med eigna utstyr og på rett måte.

Val av materialar i bygg og type inventar kan påvirke reinhaldsbehovet og arbeidsmiljøet til reinhaldarane. Plassering av vaskesentral må vera føremålstenleg slik at det lettar og rasjonaliserer reinhaldarane sitt arbeid. Sjå elles punkt 5.3.10.

6.4. MATERIALVAL

Det skal veljast materialar med ein kvalitet som samsvarar med at dette er eit anlegg som skal ha lang levetid. Kvaliteten må då ta omsyn til røff bruk gjennom varige og robuste løysingar. Utvendig vil betong, tegl, glas og bestandig trevirke redusere vedlikehaldskostnadene vesentleg over tid.

Materialane kan ha betydeleg innvirkning på inneklimate i skulen. Det må derfor nyttast kjende materialar og materialkombinasjonar som har vist seg ikkje å gje problem ved at dei gir frå seg fiber eller flyktige gassar. Lukt frå bygningsmaterialar skal unngåast.

Av omsyn til reinhald bør det brukast materialar som er slitesterke og enkle å vedlikehalde. Veggjar og himlingsplater bør vera vaskbare og støvavvisande for å lette reinhaldet. Blir det valt panel på veggane, bør denne vera stående.

I skular er golva og nedre del av veggane i særleg grad utsette for slitasje. Det bør veljast golvmaterialar som tåler den slitasjen som kan ventast i forhold til dei aktivitetane romma er rekna for; til dømes tåler linoleumsgolv dårleg gjentatt vassøl medan steingolv kan ha uheldige akustiske eigenskapar.

6.5. VEDLIKEHALD

Vedlikehald er arbeid som er nødvendig for å oppretthalde kvaliteten på bygningane. Dette betyr kontinuerlege tiltak som er nødvendige for å sikre at skulen fungerer etter føremålet. Forfall av ein bygning pågår kontinuerleg og startar med ein gong bygningen blir

teken i bruk. Dersom bygningen ikkje blir vedlikehalden, og slitte/øydela delar blir skifta kontinuerleg, så vil bygningen degraderast, og kvalitet og funksjon blir forringa.

Ved rett bruk av byggjematerialar og utstyr i investeringsfasen, kan vi spare store beløp i anleggets driftsfase i heile anleggets levetid. Det kan i mange tilfelle løne seg å investere i høgare kvalitet i bygget og dermed få lågare vedlikehaldskostnader i driftsperioden.

Det er viktig å sette av god plass for vaktmestertjenesten med egen inngang for varelevering. Mye av driftskontrollen vil for dette bygget bli datastyrt, og det kreves plass for dette.

Alt løpende vedlikehald bør inngå i ein plan.

6.6. AVFALLSHANDTERING

Avfallsstasjonen bør plasserast i nærleiken av vaktmeistersentralen og ha ei estetisk utforming som er i samsvar med bygget. Det må leggjast opp til stor grad av kjeldesortering av avfallet. Matavfall frå eventuell kantinedrift treng kjølerom. Miljøfarleg avfall må kunne få spesialhandtering. Det må tilretteleggjast for forsvarleg transport av avfall ut frå skulen.

7. FLEKSIBLE LØYSINGAR OG SAMBRUK

7.1. GENERELT

Opplæring er eit vidt og mangslungent område. Mykje av opplæringa må foregå i eigna skulebygg. Delar av opplæringa kan med fordel føregå på andre arenaer. Det vil derfor vera ein del å hente på å planleggje for ei samløkalisering med andre verksemder/tenester.

For å ivareta overordna mål for opplæringa, er skulane avhengig av tverrfagleg samarbeid i ein del samanhengar. Det vil vera rasjonelt om det innanfor Hallingmo kunne leggjast til rette for sambruk av lokale når det gjeld tverrfagleg samarbeid.

Ved å leggja til rette for sambruk eller ved å samle fleire einingar på Hallingmo, vil samarbeidet også lettare kunne utvidast. Skulane samarbeider i dag med helsestasjon, skulelege, barnevern, PPT og kulturavdeling, for å nemne nokre instansar.

Dei ulike skuleslaga har også store fordelar av å samhandle med kvarandre – ikkje minst ved overgangar - og ved å samle fleire einingar på Hallingmo, vil ein lettare kunne utvide dette samarbeidet.

7.2. HALLINGMOPROSJEKTET

Med skule, idrett, SFO, kulturskule, kultursal, galleri, bibliotek og andre aktuelle tilbod samla på Hallingmo vil det vera mogleg å leggja til rette for eit vidt spekter for tilbod til barn, ungdom og eldre på dagtid og for alle aldersgrupper på ettermiddag, kveld og helg. Dette vil gje store moglegheiter for god utnytting av areala.

7.3. PRINSIPP FOR SAMBRUK

Ved bygging av ny skule må det leggjast til rette for stor utnyttingsgrad av areala. Alle areal som kan tene annan aktivitet i lokalsamfunnet/nærmiljøet bør samlast så godt det let seg gjera med tanke på funksjonell utleige. Slike areal kan vera amfi, auditorium, skulekjøkken/kantine, formingsavdeling, musikkrom, bibliotek og idrettshall. Heimeområda til elevane, sfo, administrasjons- og personalavdelinga må kunne skjermast. Det må leggjast til rette for vaktordning med eigen tilhaldsstad sentralt plassert.

I undervisningstida og ved større prosjekt som også går utover den, må behova til skulen gå framom annan aktivitet når det gjeld bruk av lokale knytta til undervisning. Føresetnaden er at slik bruk utanom vanleg undervisningstid er planlagt og tidfesta i god til – helst i halvårsplanar.

7.4. BIBLIOTEK

Tilgang til eit bibliotek er eit krav for alle elevar. Dette er heimla i opplæringslova. Eit godt og nærliggjande folkebibliotek som også kan fungere som skulebibliotek, vil vera ei betre løysing for elevane enn dagens ordning med små skulebibliotek.

Også på dette området vil ei lokalisering av alle skulane på Hallingmo føre til effektivisering og kvalitetsheving.

7.5. KULTUR

Kunnskap og kultur heng nøye saman

Musikk, dans og drama er fag og emne i skule frå 1.-13. årstrinn. Med betre eigna lokale og større tilgang til personale med høg fagkompetanse vil kulturfaga i skulen få ei oppblomstring som vil vera til glede for heile Gol-samfunnet.

Ei samorganisering og samlokalisering med kulturskulen er derfor eit sterkt ønske frå grunnskulen si side.

Ved å tilby lærarar kombinerte stillingar i skule og kulturskule vil dei kunne få betre arbeidsvilkår, og ein vil på denne måten kunne trekkje til seg folk med høg fagkompetanse. Dette vil styrke både grunnskulen og kulturskulen.

Alle skulane vil ha behov for tilgang til ein kultursal. Dette vil gjelde grunnskulen, kulturskulen og vidaregåande skule.

Salen må vera i tilknytning til lager med utstyr og garderobar. Eit samarbeid med Hallingdal teaterverkstad vil derfor vera ønskjeleg.

Salen må vera tilgjengeleg på dagtid for øving og på kveldstid for oppsetjingar.

Utanom ein slik kultursal som kan vera tilgjengeleg for mange aktørar, er det ønskjeleg med eit utandørs amfi til mindre framføringar i skulesamanheng. (Fagerlund, Gullhaug.)

Det vil også vera store fordelar ved å ha eit galleri på Hallingmo.

I nabokommunen Ål, ser ein at galleriet i Ål kulturhus er mykje besøkt i samband med framsyningar på kulturhuset.

Ein kafè i dei same lokalene er også noko som trekkjer folk.

7.6. KROPPSØVING OG FYSISK AKTIVITET

Kroppsøvingfaget er sjølvsagt i ei særstilling når det gjeld å tenkje samlokalisering. Behovet for areal er stort, både innandørs og utandørs. Ei lokalisering av skulane på Hallingmo der ein kan bruke idrettsbanar, symjehall, lysløyper, eventuelt skøytebane og sportshall, vil vera ein stor fordel for alle skuleslaga.

Kravet til fysisk aktivitet i skulen er aukande, det blir lagt nye timar til faget og behovet for eigna arenaer vil derfor også auke.

Stadig fleire ønskjer å drive med uorganisert aktivitet. Området på Hallingmo må utformast slik at det innbyr til mange typer aktivitetar, og skuleplassane må tilretteleggjast slik at dei kan inngåpr som ein del av aktivitetstilbodet for nærmiljøet på ettermiddags- og kveldstid og for barn og unge på fritida. Sjå også punkt 3.7.

7.7. SKULEMÅLTID

Opplæringslova § 9a skal sikre alle elevs rett til eit læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Fordi alle barn i skulepliktig alder etter kvart oppheld seg på skulen store delar av dagen, har norske utdannings- og helsestyresmakter sett eit spesielt fokus på skulen for å fremje gode kost – og aktivitetsvanar og sikre sunne måltid og dagleg fysisk aktivitet.

Målsetjinga er å utjamne sosiale forskjellar i kosthald og fysisk aktivitet og sikre like moglegheiter for alle uavhengig av evner og funksjonsnivå.

I framtidsskulen kan det bli aktuelt med fullt mattilbod til alle eller delar av elevane.

Kantinedrift kan gje tilbod til elevar som ikkje har med matpakke.

Ei kantine på Hallingmo-området må driftast profesjonelt og kunne ta høgde for eit tilbod til inntil 750 grunnskuleelevar, om lag 400 elevar på vidaregåande skule, 100 elevar (vaksne) ved Læringscenteret og 170 tilsette i skuleverket. I tillegg kjem det tilsette på andre arbeidsplassar i området og besøkjande.

8. ESTETIKK, KUNST OG UTSMYKKING

Estetikken i omgjevnadene har stor påvirkning på oss, og det er derfor viktig å ikkje gløyme denne delen i planlegginga. Skulen vil bli ein stad der mange barn og vaksne skal tilbringe store delar av kvardagen sin i mange år. Ved å tenkje estetikk og kunst alt i planleggjingsfasen, har vi ein større sjanse til å få til ei heilskapleg utforming og utsmykning av bygget, både innvendig og utvendig.

8.1. BYGGET

Nye Gol skule skal vera eit signalbygg i Golsamfunnet som blir lagt merke til også utanfor regionen. Det må vera framtidsretta og seie noko om læring, kunnskap, tradisjon, utvikling, stad og tid vi er i no.

Det skal vera eit anlegg vi er stolte av å vise fram!

Materialvalet til skulen bør ta omsyn til den totale utforminga av skulen og passe til både omgjevnadene rundt og til sjølve anlegget. Gruppa har sett kombinasjonen av teglstein og tre gje positive inntrykk .

Det er viktig å ta med detaljar som søplestativ, sykkelstativ, tilplanting m.m i planleggjinga for å få til eit bra totalinntrykk.

8.2. INNEOMRÅDET

Fargevalet har mykje å seie for estetikken i anlegget. Det bør vera få og lyse, gjennomgåande grunnfargar i hele anlegget slik at hovudintrykket er lyst og nøytralt. Fargesetjinga kan koma på detaljane slik som gardiner, utsmykning og interiør. Desse fargane bør igjen vera gjennomgåande i heile anlegget, men kanskje med ein liten nyanseforskjell for dei ulike trinna (1-4, 5-7, 8-10) som kan gjera det lettare å orientere seg om kvar ein er.

Lys er eit viktig moment i estetikken. Alle rom bør får mest mogleg dagslys inn på ein naturleg måte, gjerne gjennomgåande der det er mogleg.

Kunst i bygget kan gjerne vera integrert som ein del av bygget (t.d. utsmykning på vindauga) og bør takast med alt i planleggjinga av anlegget. Glasmontrar innebygd i veggjar der elevane sine arbeidsprosjekt kan bli stilte ut, er ønskjeleg. Dette gir kvart enkelt klassetrinn eit tilhøyre til arealet dei er i, fordi dei sjølve har vore med på å skape kunsten. Det bør også leggjast til rette for utstilling av teikningar og måleri på veggane.

Planter innandørs hjelper på inneklima samtidig som det mjukar opp harde liner.

8.3. UTEOMRÅDET

I utforminga av uteområdet må det takast omsyn til naturen og vegetasjonen som alt er der, og integrere utsmykninga med omsyn til dette. Området ved hovudinngangen blir ein del av skulens ansikt utad og skal danne eit godt første inntrykk. Kunsten på uteområdet må vera av ein slik karakter at han er spennande samtidig som han utfordrar til kreativitet både fysisk og psykisk.

Kunsten må vera robust, men samtidig spennande.

Fordi det er elevar fra 6 til 16 år på skulen, må det og vera variasjon av kunst til dei ulike nivåa på deira heimeareal ute.

Det er viktig med rett planteval i utearealet både med tanke på klima, estetikk og slik at det glir inn naturleg i eksisterande vegetasjon rundt skulen. Sjå elles punkt 5.1 om universell utforming og allergi.

9. TRAFIKK, INFRASTRUKTUR

9.1. GENERELT

I ein kommune med mange skyss-elevar er det viktig få til gode løysingar for kollektivtransport og også for privatbilar i nærleiken av skulane. Sjølv om ein kan ønske seg minst mogleg privatbilar i området, veit ein av erfaring at bringing og henting til SFO, kulturskule og andre fritidsaktivitetar medfører mykje trafikk.

Samtidig er det ei prioritert oppgåve å sikre trygg tilkomst for dei mjuke trafikantane.

På eit område der så mange barn og unge skal ferdast, blir det viktig å planleggje infrastrukturen i området nøye. Det er mange motstridande omsyn å ta når ein skal tenkje ut gode løysingar for dette.

Det blir ei krevande oppgåve å regulere Hallingmo-området slik at alle desse behova blir ivarettatt, samtidig som ein sørgjer for tilstrekkeleg med parkeringsplassar for alle som arbeider i området.

Under Plansmia i mars 2009 vart det lufta tankar om avkøyring frå rv.51 til området for den nye skulen for å avlaste Sentrumsvegen for ein del av trafikken til og frå Hallingmo-området. Det må også vurderast om ein slik veg skal ta hand om biltrafikken frå bustadområda i Tronderud.

Hesla-brua får sommaren 2009 ei oppgradering som gjer det tryggare for gåande å krysse Hemsil. Ved å flytte barneskulen til Hallingmo, vil det bli aukande trafikk av gåande over brua. På sikt bør det vurderast ei løysing med gangbru over elva. Dette vil også korte ned avstanden heim-skule for mange av barna som frå bustadfeltet vest for Gol sentrum, og det kan bety sparte skyssutgifter.

9.2. MJUKE TRAFIKKANTAR

Alle elevar må sikrast trygg skuleveg uten å kryss trafikkerte bilveggar. Det bør vera eit mål at flest mogleg elevar innanfor ein radius på 4 km (grensa for rett til fri skyss) skal kunne gå eller sykle trygt til skulen. Det må leggjast godt til rette for bruk av sykkel og sykkelparkering i nær tilknytning til skuleområdet og Hallingmo.

Elevane må også til ei kvar tid kunne ferdast trygt mellom skulebygg, bibliotek, symjehall, kultursal og idrettsanlegg. Dersom ein ikkje sørjer for trygg tilkomst for gåande mellom desse bygga, kan det bli svært kostnadskrevjande fordi ein då må ha vaksne til å følge dei heile tida.

9.3. SKULESKYSS OG ANNAN TRAFIKK TIL OG FRÅ OMRÅDET

Mange av elevane i Gol og alle elevar frå andre kommunar er avhengige av skuleskyss med kollektive transportmidlar. Godt planlagte haldeplassar som ikkje kjem i konflikt med vegar for gåande og syklende må prioriterast. Av- og påstigning kan med fordel skje eit stykke frå skulen under føresetnad av at elevane kan gå trygt til og frå.

Vonheim kan nyttast for av- og påstigning inntil endeleg trafikk-løysing er etablert dersom det blir gangbru over Hemsil i nærleiken av Gol skule og kryssing av rv.51 blir sikra. Ei ny

gangbru over Hemsil kan vere eit tiltak som bidreg til dette. Ei slik bru over Hemsil vil i alle høve vera føremålstenleg ved at elevar frå byggjefelta vest for Gol sentrum får skulevegen sin bort frå Heslabrua. Avstanden til nye Gol skule blir også innkorta. Dette reduserer talet på elevar som vil ha behov for skuleskyss.

Gangbruer frå industriområdet på Glitre til Eidsvalløya og vidare inn i Gol sentrum vil også fjerne ein del fotgjengartrafikk i Heslabruområdet.

Det er også eit faktum at mange foreldre køyrer og hentar ungane til og frå skule og SFO. Dette må det også leggjast til rette for, og dette bør skje eit stykke frå skulen slik at elevane går det siste stykket. Då blir nærområdet til skule skjerma for unødvendig trafikk, og dette vil vera med å sikre den nødvendige ferdselen av elevar mellom undervisningsarenaene i området.

Det same gjeld bringing til og frå aktivitetar i tilknytning til skulefritid, kultur- og idrettaktivitetar der skuleområdet er involvert.

Gode gang- og sykkelvegsamband vil kunne redusere køyringa av elevar til og frå skuleområdet.

Trafikken til og frå Gol vidaregåande skule må også takast med i vurderingane. Det er mange av elevane ved den vidaregåande skulen som brukar bil til og frå.

I området vil det derfor vera 12 – 1500 personar til og frå morgon og kveld.

I rulleringa av kommunedelplanen for Gol tettstad skal det utarbeidast temaplan for vegsystem, transport, parkering og kollektivsystem i GPT-området (Gol På Tvers). Kollektivtrafikk inklusiv skuleskyss til og frå Hallingmo må vurderast og innarbeidast i denne (jf. F-sak 26/09).

9.4. VARELEVERING, TUNGTRANSPORT OG UTRYKNINGSKJØRETØY

Varelevering (t.d. skulemjølk, frukt, bøker, materialar) til skulane og anna nødvendig transport (t.d. avfallshandtering) med tunge køyretøy må skje på ein måte som gjer at dei ikkje kjem i konflikt med leikeområde eller gangveggar. Det same gjeld levering av varer og tenester til dei andre anlegga på Hallingmo-området; til dømes til store arrangement og eventuelle messer. Tungtransporten må organiserast slik at han ikkje er til fare for eller til sjenanse for skulen og brukarane av dei ulike anlegga på Hallingmo.

Utrykningskøyretøy må ha god tilkomst, gjerne tilrettelagt som del av vegsystemet for varelevering. I planleggjinga må det også takast omsyn til snørydding og lagerplass for snø.

9.5. PARKERING FOR PERSONALET OG FOR BESØKJANDE

Det må setjast av tilstrekkeleg areal for parkering av privatbilar, og tilkomst til desse må ikkje koma i konflikt med leikeareal og gangveggar eller til bruk av området på ettermiddagstid og i helger og feriar. Parkeringsplassane for dei tilsette og for besøkjande til skulen må skiljast frå trafikken som er knytta opp mot henting og bringing av elevar. Parkering for besøkjande bør liggje i nærleiken av skuleområdet, medan parkering for tilsette kan vurderast saman med behovet for resten av Hallingmo-området.

Skulen må ha ein tilpassa sykkeloppstillingsplass.

9.6. UNIVERSELL UTFORMING

I planleggjinga av ny skule med uteområde må det leggjast særskilt vekt på universell utforming. Det er særdeles viktig at områda blir tilrettelagde for syns- og høyrselshemma og andre funksjonshemma med særskilte behov. Eit konkret tiltak er ladestasjonar for elektrisk rullestol.

10. ØKONOMI

10.1. INVESTERING

10.1.1 Generelt

Å byggje ny skule i Gol er eit stort økonomisk løft for kommunen. Mange vil stille seg spørsmålet om kommunen har råd til dette. Eit anna spørsmål er om det å byggje ny skule likevel vil gje den beste utnyttinga av midlane.

Gol skule og Gol skule Glitrehaug har behov for rehabilitering og påbygg. Dette er beskrive og dokumentert i fleire politiske saker. Glitrehaug er mellombels løysing på åttande året.

Elevar som startar i 1.klasse, blir tilrådd å starte på Herad skule i staden for Gol skule sjølv om den ligg nærast. Å transportere elevar som kunne gått til Gol skule, til Herad skule kan koste kommunen 40 000 kroner per elev per år.

Herad skule manglar kroppsøvingssal, tilfredsstillande undervisningsrom i faget mat og helse, eitt klasserom og fleire grupperom.

Gol ungdomsskule manglar undervisningsrom og grupperom. Spesialromma og personalrommet må rehabiliterast.

Gol vaksenopplæring driv undervisning i det gamle kommunehuset på dispensasjon i påvente av avklaring om det ved bygging av ny skule blir frigjevne eigna lokale som kan takast i bruk.

Dersom Gol kommune vel å ikkje byggje 1-10 skule i løpet av 3-4 år, må rehabiliterings- og utbyggingsarbeidet ved dei fire skulebygga setjast i gang, og det må skaffast ny og føremålstenleg tilhaldsstad for Gol vaksenopplæring med ein gong.

Full rehabiliteringskostnad ved Gol skule vart i 2001 vurdert til 70-80 % av nybygg.

Gol skule har om lag 320 elevar.

Med auke i elevtal (60 elevar x 7 klassar) og arealnorm på 18 m² (erfaringstal ombygging) vil det bety ein kostnad på rundt 130 mill kroner.

Då er behova ved Herad skule, Gol ungdomsskule og Gol vaksenopplæring ikkje løyste.

10.1.2 Levetid

Levetida til nybygg blir rekna til 60 år. Levetid for rehabiliterte bygg blir rekna til maksimum 30 år. Dei er mindre "elastiske" og lite eigna for ytterlegare ombygging.

Tekniske anlegg bli rekna til å vare i 30 år.

Gol skule er meir enn 50 år, Gol ungdomsskule er snart 50 år, og Herad skule er snart 25 år.

10.1.3 Elevtal

Aldersgruppa 6-15 år viser følgjande utvikling:

2009:	549 elevar
2015:	570 elevar
2020:	567 elevar
2025:	577 elevar
2030:	605 elevar

Gjennomsnittleg rekna gir dette 60,5 på kvart klassesteg i 2030.

Etter tidlegare klassesdelingstal (28 elevar i kvar klasse på barnesteget og 30 elevar i kvar klasse på ungdomssteget) utløyser dette behov for undervisningsareal til ein treparallellskule.

Erfaringar frå tidlegare viser at elevtalsutviklinga kvart år er høgare enn prognosane. Det startar som regel 4-6 elevar meir kvar haust enn det fødselstala tilseier. Innbyggjartalet i Gol er aukande. Det er eit mål at Gol skal vera ein tilflyttingskommune, og med dette vil også elevtalet i grunnskulen stige.

Held denne tendensen fram, betyr det ytterlegare 50 elevar i grunnskulen, og det vil vera uforsvarleg å planleggja og byggje ein skule for mindre enn tre parallellar.

Gol kommune bør byggje ein skule for tre parallellar med tanke på at skulen skal kunne romme minst 700 elevar på 10 trinn (plass til 30 klassar).

Med eit tidsperspektiv på 50 -60 år bør det også vurderast om kommunen bør byggje den nye skululen slik at han kan romme inntil 750 elevar utan at det er nødvendig med utbygging.

10.1.4 Areal

Areal er ein av dei viktigaste variablane knytta til investering i skulebygg. Det kostar også mykje å drifte areala over tid. Likevel kan ein-sidedig fokus berre på areal føre til ein auke i andre kostnader. For stor arealeffektivitet kan gje negativt utslag som auka tidsbruk til organisering, uheldige føringar for det sosiale miljøet ved skulen, og det kan indirekte også ha helsemessige konsekvensar. Mangelen på tilpassa funksjonelle rom som følgje av for store innsparingar kan elles føre til manglande eller mindre varierte faglege tilbod og aktivitetar, og dette kan dermed påverke det kvalitative tilbodet i opplæringa. Desse forholda har også eit kostnadselement i seg.

Dei mest arealeffektive skulane har 10 m² per elev (Fagerlund, Ringsaker). Då er idrettshall ikkje medrekna. Ungdomssteget krev litt større areal per elev. Gjennomsnittsarealet per elev i norske skular ser ut til å vera 14 m² (henta frå Skoleeksempler; Skoleanlegg-nasjonale rådgivningstjeneste). Ombygde/påbygde skular har eit areal per elev på rundt 18-19 m². Desse skulane får mykje ”daud-plass” som krev oppvarming, reinhald og vedlikehald utan at arealet har noko spesiell funksjon.

Ut frå desse erfaringstala kan det setjast opp arealbehov for ny skule i Gol slik:

Elevtal	10 m ² per elev	12 m ² per elev	14 m ² per elev
650 elevar	6 500 m ²	7 800 m ²	9 100 m ²
700 elevar	7 000 m ²	8 400 m ²	9 800 m ²
750 elevar	7 500 m ²	9 000 m ²	10 500 m ²

Areal til idrettshall kjem i tillegg. Kvernhuset ungdomsskole i Fredrikstad (500 elevar) har ein treningshall på 1 913 m²

Tilrådd norm for uteareal er minst 50 m² per elev. I tillegg kjem arealet som skulebygget dekkjer. Det betyr at ei tomt for ny skule i Gol bør vera på minst 50 mål.

10.1.5 Kostnad

Gol kommune eig delar av det aktuelle området på Hallingmo (sjå vedlegg 5), men alt etter kvar den nye skulen blir plassert på Hallingmo, kan det bli nødvendig å kjøpe areal. I det aktuelle området er det fire private grunneigarar. Det er ikkje bygt på området tidlegare. Grunnarbeidet kan derfor starte direkte utan kostnad til riving av påståande bygg. Dette er ubrukt område, og kommunen sparer utgifter til iverksetjing av mellombelse alternative løysingar for å oppretthalde undervisninga i byggeperioden. Infrastrukturen på Hallingmo, som veganlegg og parkering, er også nøkkelen til å få i gang andre prosjekt på Hallingmo, og tilrettelegging for ny skule vil også tene dei andre prosjekta – eller omvendt.

Det er også viktig å ta med seg at ein ny skule i Gol skal vera tilgjengeleg for annan aktivitet enn skule og fylle andre behov enn undervisning. Skulen skal verta eit funksjonsbygg for blant anna lag og organisasjonar i lokalsamfunnet og dermed redusere behovet for arenaer til slike varierte fritidstilbod.

Når det gjeld opparbeidinga av uteområdet, er det vanskeleg å finne gode tal. Areal skulane disponerer i dag omfattar Gol skule med 13,9 mål, Gol skule Glitrehaug 13,6 mål og Herad skule 19 mål. Tilsaman utgjer dette 46,5 mål. I tillegg kjem utearealet ved Gol ungdomsskule. Tilrådd norm for storleik på uteareal er 50 m² per elev. Det betyr at det er behov for minst 45 mål til skuleføremål (700 elevar x 50 m² + grunn til sjølve skulebygget). Vegar og parkeringsplassar kjem i tillegg. Kostnad til opparbeiding og istandsetjing vil vera avhengig av tilrettelegging og utforming.

Nes barneskole i Ringsaker hadde om lag 24 mål skuleplass for om lag 300 elevar i 1.-7. klasse. Istandsetjinga av utearealet med tilplanting og montering av leikeapparat kosta 3,2 mill kroner i tillegg til opparbeiding. Nytt uteareal ved Byåsen skole i Trondheim (2007) kosta 9 mill kroner i anleggskostnad utanom grunnarbeid, kunst, tilstøytande vegar og parkering. Området var på 25 mål for 650 elevar i 1.-7. klasse.

Det er avgjerande at det blir sett av pengar til slik istandsetjing slik at ikkje uteområdet blir ståande halvferdig og vanskeleg tilgjengeleg etter at skulen er teken i bruk. Å ta dette att etterpå, fører til høgare kostnad.

Det viser seg at det er varierende erfaringar når det gjeld nye skulebygg og byggjekostnader. Prisstigninga dei siste åra har vore svært stor. Siste året har dette stagnert, men det er ingen grunn til å tru at kostnadsnivået vil gå ned.

Utbygginga av omsorgsavdelinga i Gol vart i 2008/2009 rekna til 21 500 kroner per m². Lindhøy skole i Tjømekommune rekna i 2004 22 000 kroner per m² nybygg og 16 000 kroner for rehabilitering.

Det er realistisk å rekne ein nybyggkostnad på 25 000 kroner per m².

Etter dette kan det setjast opp kostnadsoverslag som følgjer:

Elevtal	10 m ² per elev		12 m ² per elev		14 m ² per elev	
650	6 500 m ²	162,5 mill kroner	7 800 m ²	195,0 mill kroner	9 100 m ²	227,5 mill kroner
700	7 000 m ²	175,0 mill kroner	8 400 m ²	210,0 mill kroner	9 800 m ²	245,0 mill kroner
750	7 500 m ²	187,5 mill kroner	9 000 m ²	225,0 mill kroner	10 500 m ²	262,5 mill kroner

Idrettshall kjem i tillegg. Idrettshalla knytta til Fagerlund skole kosta 23 mill kroner, men det var før byggekostnadene auka dramatisk.

10.2. DRIFT

10.2.1 Kapitalutgifter

Finansdepartementet tilrår 30 års avskrivning som også er rekna levetid for tekniske installasjonar.

I det følgjande oppsettet er det nytta 5 % rente og nedbetaling over 30 år.

LÅN	Rente	Avdragstid	Per måned	Per år
250 mill kroner	5 %	30	1,250 mill kroner	15,0 mill kroner
225 mill kroner	5 %	30	1,125 mill kroner	13,5 mill kroner
200 mill kroner	5 %	30	1,000 mill kroner	12,0 mill kroner
180 mill kroner	5 %	30	0,900 mill kroner	10,8 mill kroner
150 mill kroner	5 %	30	0,750 mill kroner	9,0 mill kroner

Eigenkapital reduserer den årlege utgifta til avdrag og renter.

Eigenkapital kan til dømes skaffast ved at Gol kommune sel ein del føremålsbygg, blant anna dei skulebygga som blir til overs når den nye skulen står ferdig.

Andre alternativ for å skaffe eigenkapital vil også måtta bli vurderte. Blant anna må det undersøkjast om det blir ytt tilskot til anlegg som blir oppførte etter lågenergi-/passivhus-prinsipp.

I 2004 vart det tilrådd å rekne 6,5 % rente. Etter dette har det vore ein betydeleg rentenedgang, men det er usikkert kor lenge den låge renta vil vare ved, men i følgjande utrekningar blir det rekna 5 % rente.

Førsteårs kostnad for ein ny 1-10-skule med 8 400 m² for 700 elevar til 210 mill kroner:

Eigenkapital	Lånesum	Årlege avdrag over 30 år	Kostnad 1.året
Ingen eigenkapital	210 mill	7,0 mill kroner	12,6 mill kroner
10 mill kroner i eigenkapital	200 mill	6,7 mill kroner	12,0 mill kroner
20 mill kroner i eigenkapital	190 mill	6,3 mill kroner	11,4 mill kroner
30 mill kroner i eigenkapital	180 mill	6,0 mill kroner	10,8 mill kroner
40 mill kroner i eigenkapital	170 mill	5,7 mill kroner	10,2 mill kroner
50 mill kroner i eigenkapital	160 mill	5,3 mill kroner	9,6 mill kroner
60 mill kroner i eigenkapital	150 mill	5,0 mill kroner	9,0 mill kroner

Kostnadene knytta til nedbetaling av investeringane til ny skule må sjåast i samanheng med venta utgifter knytta til rehabilitering, ombygging og utbygging av dei eksisterande skulebygga i Gol. Desse nemnde behova er ikkje kostnadsrekna, men kvadratmeterprisen for ombygging sett i forhold til nybygg er ca 70 %.

10.2.2 Driftsutgifter

Tal frå Lindhøy skole, Tjøme kommune i Vestfold, viser 550 kroner/m² per år til teknisk drift. Dette er skuleanlegg som er ombygd, og med nytt tilbygg. Med denne m²-kostnaden ville det koste 4,62 mill kroner i teknisk drift for ny skule i Gol (8 400 m²). Driftsrekneskapen for grunnskulen i Gol i 2008 viser til samanlikning ei tilsvarende utgift på 5,2 mill kroner.

Desse tala gir dårleg grunnlag for konklusjon når det gjeld moglege innsparingar på teknisk drift ved ein eventuell ny skule i Gol, men det blir vist til at i nye anlegg er det blant anna mogleg å velja andre, meir driftseffektive løysingar enn i anlegg der ein del av anlegget er reabilitert, og at dette vil medvirke til å redusere den årlege tekniske driftskostnaden ytterlegare.

Blant anna kan det i eit nytt anlegg veljast lågenergiløysingar i heile anlegget, og det kan leggjast til rette for materialar som er slitesterke og lette å halde reine og ved like. Sjølv om bygget kostar meir, kan det likevel grunn til å vente større innsparingar på drift. Det at det blir færre bygg å drifte, medverkar også positivt.

10.2.3 Andre driftsutgifter

Det må elles kunne reknast innsparingar knytta til

- reinhald
- oppvarming, lys
- forefallande vedlikehald
- omfattande reparasjonar/rehabilitering /oppgradering (større vedlikehaldsbehov etter kvart)
 - full rehabilitering Gol skule
 - ventilasjonsanlegg Herad skule
- utbygging ved Herad skule, Gol skule Glitrehaug, Gol ungdomsskule
 - klasserom, grupperom, garderobar, administrasjonskontor Glitrehaug
 - kroppsøvingsavdeling Herad skule
 - undervisningsrom til faget mat og helse ved Herad skule
 - grupperom Herad skule
 - klasserom Herad skule
 - klasserom Gol ungdomsskule
 - grupperom Gol ungdomsskule
 - spesialpedagogisk avdeling ved Gol ungdomsskule
 - Gol ungdomsskule har ikkje tilgang til kroppsøvingsrom i samsvar med behov
 - kontor/rom for helsesøster ved alle skulane
 - auka administrasjonsressurs (Gol skule Glitrehaug og Herad skule)
- rasjonelle innkjøp av spesielle læremidlar og teknisk utstyr
- større utnyttingsgrad på utstyr
- betre utnytting av ressursane, betre læringsresultat ved å samle alle tilsette i eitt fagmiljø – men ingen innsparing i lærarressurs
- skuleskyss
- administrasjon

Skuleskyss

Det er rekna på innsparingane når det gjeld skuleskyss. Med utgangspunkt i tala frå august 2008, ville det vore ei innsparing på om lag 400 000 kroner årleg dersom Gol hadde hatt ein 1-10-skule.

Administrasjon

Kostnad ved eksisterande administrasjon (adm.+merkantilt) inkl. sos. utg.:	3,8 mill kr
Behov for auke i administrasjonen viss ikkje ny skule:	0,5 mill kr
Kostnad ved skissert modell for administrasjon i ny skule	3,6 mill kr

Dette er rekna lønsnivå som i dag.

Ressurs til kulturskuleleiar er ikkje inkludert.

10.2.4 Sal av føremålsbygg

Gol kommune eig ein bygningsmasse langt over gjennomsnittet for tilsvarande kommunar. Levetidsomkostningane for bygg blir som oftast undervurdert. I løpet av levetida er det kontinuerlege vedlikehaldskostnader for å oppretthalde standarden, oppgradere på grunn av nye krav frå styresmaktene (ventilasjon, branntekniske pålegg, vatn og avløp, radon), heve standarden på grunn av brukarkrav (sosiale forhold, spesielle brukargrupper) og ombygging og rehabilitering ved annan bruk enn opprinneleg føreset.

Skal den reint kommunale delen av Hallingmoprojektet med ny grunnskule for Gol kunne realiserast, må kommunen gje slepp på ein del eksisterande bygningar for å skaffe investeringsmidlar og frigjera driftsmidlar, ikkje berre for å drifte ny bygningsmasse, men også for å kunne møte ein høgare kapitalkostnad.

Ein grunnskule i Gol vil i seg sjølv vera rasjonaliserande både med omsyn til talet på m² som trengst, drift og vedlikehald, administrasjon og leing samt utnytting av kompetanse blant dei tilsette. Dette er vanskeleg å talfeste, men vil frigjera midlar til å møte dei framtidige, venta kapitalkostnadene.

Det blir elles vist til vedlegg 4, rapport frå arbeidsgruppa som vinteren 2008/2009 vurderte framtidig bruk av føremålsbygg i Gol kommune. (Rapporten er ikkje behandla politisk.)

Kjelder:

Hallingmo-prosjektet : Rapportane frå AG Idrett, AG Kultur og AG Kunnskap

Utdanningsdirektoratet, Sosial- og helsedirektoratet: Fysisk aktivitet og måltider i skolen
Sosial- og helsedirektoratet: Skolens utearealer. Om behovet for arealnormer og l
virkemidler.
www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no Skoleanlegg – nasjonal rådgivningstjeneste;
skoleeksempler-tematisk oversikt